



OFFENTLEG ETTERSYN

~~Draftingsgrunnlag til innspel den 26.05.2009~~

Kommunedelplan for Bulandet – Værlandet

Mai 2009



Norconsult AS
 Sogn og Fjordane
 Dalavegen 25
 6851 Sogndal
 Telefon: 57 62 79 00
 Telefaks: 57 62 79 01
 E-post: firmapost@norconsult.no
 Internett: <http://www.norconsult.no>
 Bankgiro: 5005.05.49663
 Foretaksreg.: NO 962392687 MVA

RAPPORT

Oppdrag: 5008537	Rapportdato: 2009-05-14	
Tittel		
Kommunedelplan for Bulandet - Værlandet		
Forfatter: Johannes-Henrik Myrnel	Rapport nr.: 5008537-09	Distribusjon:
Oppdragsgjevar: Askvoll kommune	Kontaktperson/referanse Jan Per Ryland	
Samandrag:		
<p>Rapporten er framlegg til <i>Kommunedelplan for Bulandet – Værlandet</i>. Formålet med planomtala er å klargjere</p> <ul style="list-style-type: none"> - formålet med planarbeidet, - dagens situasjon, - innhaldet i planframlegget, - vesentlege verknader, og - fareidentifikasjon (ROS). <p>Plana omfattar eit samla plankart med planføresegner for heile kommunedelplanområdet, samt denne planomtala, med mål, prinsipp og plana sine vesentlege verknader.</p>		
Emneord (4 stk.): - kommuneplan - arealdel - konsekvensutredning - prosess	Fylke: Kommune:	Sogn og Fjordane Askvoll

Utarbeidd

Kontrollert/godkjent

FORORD

Kommunestyret i Askvoll vedtok gjeldande kommuneplan den 8. februar 1994. Den 10.06.2005 vedtok kommunestyret i sak K 38/05 at arealdelen til kommuneplana skulle reviderast. Oppstart av planarbeidet blei varsla/kunngjort våren 2005. På bakgrunn av drøftingar i styringsgruppa har kommunen prioritert å utarbeide ein *Kommunedelplan for Bulandet – Værlandet*. Planarbeidet femnar i tillegg om øya Alden.

Formålet med planarbeidet er:

- Sikre busetnaden
- Klargjere grensene mellom utbyggingsområda og anna areal
- Legge til rette for ei differensiert forvaltning av strandsona i område med busetnad
- Innarbeide ein strategi for handtering av ”oppdukkande” prosjekt

På bakgrunn av vedtaket om utarbeiding av kommunedelplan blei det utarbeidd eit planprogram. Formålet med planprogrammet var å sikre tidleg medverknad, informere om formålet med planarbeidet, klargjere hovudspørsmåla og avklare plan- og vurderingsbehovet som planarbeidet reiser.

Høyringsutkastet er utarbeidd med utgangspunkt i fastsett planprogram, førehandsdiskusjonen og politiske føringar.

Sivilingeniør Edvin Helle AS og Norconsult AS har avlasta Askvoll kommune ved utarbeiding av planframlegget. I Norconsult AS har Johannes-Henrik Myrmed og Tone K.M. Kvåle gjennomført arbeidet med førstnemnde som oppdragsansvarleg. Per Jan Ryland i Askvoll kommune har vore kontaktpersonen i kommunen og bindeleddet mot styringsgruppa og den administrative arbeidsgruppa.

Magne Follevåg
leiar i planutvalet

ORDFORKLARING

Planprogram er eit plan- og utgreiingsprogram som skal leggjast til grunn for utarbeiding av planforslag.

Kommuneplana sin arealdel er ein juridisk bindande overordna plan for heile eller deler av kommunen som fastset arealbruken.

Reguleringsplan er ein juridisk bindande arealplan som det blir stilt krav om gjennom kommuneplana eller etter § 23 i plan- og bygningslova.

Utbyggingsplan (bebyggelsesplan) er ein juridisk bindande arealplan som det blir stilt krav om gjennom kommuneplan eller reguleringsplan.

Planføresegn er juridisk bindande tekst til kommune(del)plan, reguleringsplan og utbyggingsplan.

Retningsliner gjer til kjenne korleis kommunen ynskjer å forvalte plana og klargjer spesielle omsyn som t.d. funksjonell strandsone.

Søknadspålyktige tiltak er tiltak som krev søknad etter § 93 i plan- og bygningslova før gjennomføring.

Meldingspålyktige tiltak er tiltak som ikkje krev søknad, men melding før gjennomføring av tiltak

Mindre tiltak er tiltak som verken krev søknad eller melding.

Naturlandskap er eit landskap som ikkje er påverka av synlege spor etter menneskeleg aktivitet.

Kulturlandskap er eit landskap som er påverka av spor etter menneskeleg aktivitet.

Kulturminne er spor etter verksemd som t.d. er knytt til hendingar, tru eller tradisjon.

Raudlisteart er art på nasjonal raudliste som er sjeldan, truga eller i tilbakegang. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) gjev ut den offisielle norske raudlista.

Strandsone er 100-metersbelte til vassdrag og sjø.

Funksjonell strandsone er den mest verdfulle/konfliktfylte strandlinja innanfor dei delvis utbygde områda.

Stadbunden næring er bygg og anlegg som det av omsyn til drifta av primærnæringane landbruk og fiske er naudsynt å plassere på staden. Næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag inngår i stadbunden næring.

Fritidsbustader er bygg som hytter/rorbuer/sjøhus m.v. nytta til overnatting i samband med privat fritidsbruk.

Sjøbu/Naust er bygg i strandsona som blir nytta til oppbevaring av reiskap, utstyr, småbåtar.

INNHALD

1	INNLEIING	7
2	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	9
3	RAMMER OG FØRESETNADER	11
4	DAGENS SITUASJON	13
5	AREALBRUKSLØYSINGAR	27
6	UTVIKLINGSOMRÅDE – VÆRLANDET VEST	31
7	VIDAREUTVIKLING AV NYE NÆRINGS- OG FRITIDSAREAL	33
8	KONSEKVEN SAR	35
9	SAMFUNNSIKKERHEIT	47

Vedlegg:

- Planføresegner og retningslinjer
- Plankart

1 INNLEIING

Kommunedelplan for Bulandet – Værlandet er ein oversiktsplan som syner rammer for arealbruken i området. Kommunedelplana vil få rettsverknad og ha same status som kommuneplana. Plana syner arealbruk på land og i sjø, men for sjøområda er arealbruken i kommunedelplana for sjøområda (Kystsoneplana) i det alt vesentlege, direkte vidareført. Kystsoneplana blei vedtatt av kommunestyret den 12.11.1999 i sak K 120/99.

Eit hovudmål med planarbeidet har vore å avklare arealbruken for landareala, der målsettinga har vore å legge til rette for næringsutvikling, sikre busetnaden og sikre areal for vidare reisemålsutvikling, herunder òg etablering av områder for fritidsbygg/hytter.

Gjennom plana ynskjer kommunen å føre ein politikk som skal oppretthalde og styrke busetnaden i Bulandet og Værlandet. Tilrettelegging for bustadbygging i kombinasjon med å legge til rette for ulike næringsveggar og ny bruk av eldre bygg er viktige virkemiddel.

Plana omfattar eit samla plankart med planføresegner for heile kommunedelplanområdet og ein tekstdel med oppsummering av overordna føringar, dagens situasjon, arealbruksløyisingar med vekt på endring av utbyggingsmønsteret og plana sine overordna vesentlege verknader. I tillegg er det innarbeid retningsliner. Retningslinene er ikkje juridisk bindande, men gjev til kjenne korleis kommunestyret ynskjer at administrasjonen skal forvalte plana.

Vedtatt plan skal leggjast til grunn for vidare detaljplanlegging m.o.t. både vern og utbygging, samt gje føringar for handsaming av bygge- og delesaker.

For område bandlagt i plana, er verknaden av kommunedelplana avgrensa til 4 år frå plana er vedteke.

Vedtektne reguleringsplanar og utbyggingsplanar skal gjelde framfor vedtekte kommunedelplan. Dei kjem fram av planføresegnene.

Plana er ikkje avklarande i forhold til automatisk freda kulturminne. Det inneber at omsynet til kulturminne må avklarast i samband med utarbeiding av gjennomføringsplanar, dvs. reguleringsplan eller utbyggingsplan.

Hovudspørsmål:

- A) Sikre busetnaden gjennom å avklare rammer for vidare bustadbygging.
- B) Legge til rette for næringsutvikling gjennom vurdering av behovet for ytterlegare areal, samt avklare kor vidt det er behov for nye næringsareal.
- C) Klargjere vidare reisemålsutvikling, herunder òg utbygging av fritidsbygg.
- D) Legge til rette for ei differensiert forvaltning av strandsona som tek vare på viktige natur og kulturkvalitetar samtidig som ein legg til rette for utbygging og etablering av båthamner både til nærings- og fritidsformål.

Målsettinga har vore å etablere løyisingar for ei balansert utvikling og strategiar som både tek vare på omsynet til vidare næringsutvikling og området sine natur, miljø- og friluftskvalitetar.

Vurderinga av endringane er gjort med omsyn til m.a.:

- endring i dagens utbyggingsmønster
- korleis natur-, kultur- og friluftsverdiar vert rørt av endra arealbruk, og korleis ein kan sikre attraktive/interessante område
- korleis folkehelse og tilgjenge til område (universell utforming) vert påverka av utbygging
- korleis framtidig utbygging er utsett for potensiell fare/ulempe/sårbarheit gjennom ein risiko- og sårbarheitsanalyse.

Utgangspunktet for vurderinga av verknadene/konsekvensane av planframlegget er omtala av dagens situasjon, dvs. noverande planavklart og faktisk arealbruk.

Hovudtrekka ved den framtidige arealbruken som plana opnar for er omtalt i kap.

5. Verknadene av arealbruksendringane er skildra i kap. 8, medan omsynet til samfunnsikkerheit (sårbarheit) er omtalt i kap. 9. Vurderinga i kap. 8 og 9 er avgrensa til overordna verknader/konsekvensar og sårbarheit.


Spørsmål/vurderingar som naturleg høyrer heime på eit seinare plannivå, for eksempel ved utarbeiding av reguleringsplan, er ikkje teke med i vurderinga av verknader av den endra arealbruken i plana. Dette heng saman med at plana har karakter av å vere et utviklingsplan som klargjer grenser.

2 LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET

Planområdet femnar om øysamfunna Værlandet, Bulandet og Alden med tilgrensande sjøområde. Planområdet er lokalisert lengst vest i kommunen. For å komme til Værlandet, Bulandet og Alden er ein avhengig av båttransport/ferje. Til Askvoll er det frå ferjekaia i Værlandet om lag 20 km, og turen tek om lag 45 minutt med ferje.

Planområdet er på om lag 73 km². Grendene i Bulandet og Værlandet er bundne saman av kommunale vegar og fylkesveg 365. Ein er avhengig av båt for å kome til Alden og Sandøyna.

Det bur om lag 450 personar innanfor planområdet. Busetnaden er knytt til næringsvegane fiske, akvakultur og turisme. I Værlandet er busetnaden lokalisert til Hamna – Nybø, Landøyna og Kalvøyna, medan busetnaden i Bulandet er spreidd på om lag 15 øyar.



Figur 2.1: Avgrensing av planområdet.

3 RAMMER OG FØRESETNADER

Planarbeidet blir i hovudsak styrt gjennom føresegnene i plan- og bygningslova. Bruk av areal og utnytting av ressursar blir i tillegg regulert gjennom ei rekke andre lover. Forvaltninga etter desse sektorlovene er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen. Det er gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå. Den kommunale planlegging skal skje innanfor rammene av nasjonal- og regional politikk.

3.1 Nasjonale mål og retningslinjer

St. meld. nr. 26 (2006 – 2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand

I meldinga har Regjeringa trekt opp politikken for landskap og arealbruk utanfor byar og tettstader. Regjeringa ynskjer å auke bevisstheita om landskapet sin betydning for identitet og livskvalitet og som ressurs for verdiskaping. Dette er nedfelt i Den europeiske landskapskonvensjonen som tredde i kraft våren 2004. Konvensjonen har til formål å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap. Arealpolitikken i meldinga framhevar at ved bustader skal det vere god tilgang til trygg ferdsl, leik og anna aktivitet innanfor ein variert og samansett grøntstruktur. Miljøkvalitetane i landskapet skal sikrast og utviklast gjennom auka kunnskap og merksemd om planlegging og arealpolitikk.

Strandsonpolitikken skal vere med å "stansne nedbygginga av strandsona og legge opp til sterkere geografisk differensiering". Den geografiske differensieringa skal sikre at vernet blir gjort strengare i område med konkurranse om areala. Målet skal nåast gjennom at forvaltninga blir oppfordra til ei strengare forvaltning av strandsona, fjerning av stengsler og sikring og tilrettelegging av dei mest attraktive områda i strandsona.

Det nasjonale ressursmålet i forhold til jordvern klargjer at "den årtige omdisponeringa av dei mest verdifulle jordbruksressursene skal halveres innen 2010". For å nå dette, ynskjer regjeringa å "legge til rette for at kommunene kan utarbeide en samlet strategi for å ta vare på viktige landbrukslandskap og vern av dyrka og dyrkbar jord" og at kommunane som middel for prioritering skal avgrense kjerneområde for jordbruk og kulturlandskap.

St. meld. nr. 21 (2005 – 2006) Hjartet for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken

I meldinga har regjeringa trekt opp rammene for ein differensiert arealpolitikk, der det går fram at rammene for bruk og vern av areal og arealressursar skal tilpassast utfordringane i dei ulike delane av landet. Det går bl.a. fram at stor plass er eit av konkurransefortrinna som distriktskommunane har i arbeidet med å auke busetnaden. I meldinga står det at "ein meir differensiert arealpolitikk kan gjere det lettare for distriktskommunar å leggje ut store attraktive bustadområde og relativt spreidd bustadbygging i område med lite utbyggingspress eller å leggje ut område for til dømes rural reiselivsnæring". Grensene for utbygging skal trekkaast opp i kommuneplan, og vere basert på kunnskap om verdiar og interesser i området.

St. meld. nr. 16 (2004 – 2005) Leve med kulturminner

Hovudmåla for kulturminnepolitikken er at:

- mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på som bruksområde og grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping, og eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterar geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig breidde skal gjevast varig vern gjennom fredning.

St. meld. nr. 16 (2002 – 2003) Resept for et sunnere Norge.

Folkelsepolitikken

I stortingsmeldinga blir det bl.a. peikt på at folkehelsearbeidet foregår for isolert i forhold til andre sentrale plan- og vedtaksprossar som legg rammer for folk sin kvardag. Meldinga klargjer at det er ynskjeleg å trekkje helsestena sterkare inn i kommunalt planarbeid. I tillegg blir det understreka at det bør leggast til rette for leik og fysisk aktivitet der folk bur.

Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging

Retningslinene skal vere med å fremme effektiv utnytting av ressursar, miljømessig gode løysingar, trygge lokalsamfunn, god trafikkryggleik og effektiv trafikkavvikling. Dette skal oppnåast gjennom samordning av utbyggingsmønster og transportsystem, korte avstandar i forhold til daglege gjeremål, ved å etablere klare grenser mellom byggeområde og LNF-område, samle naturinngrep, auke

konsentrasjonen av utbygging i by- og tettstadsområde og legge til rette for kollektiv transport m.m.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Retningslinjene skal vere med å "synleggjøre og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesakshandsaming" og "gi et grunnlag for å vurdere saker der barn og unge sine interesser kommer i konflikt med andre hensyn/interesser".

Retningslinja set kvalitetskrav til areal og anlegg som blir brukt av barn og unge.

Samtidig klargjer den at det skal vere god nok tilgang på områder for barn og unge. Ved omdisponering av leikeområde blir det stilt krav til fullverdig erstatningsareal.

Universell utforming

Kravet om universell utforming av bygg, områder, tenester m.m. blir i stadig større grad ein del av nasjonal politikk. Regjeringa har utarbeidd ei handlingsplan for auka tilgjenge som viser tiltak som nasjonale instansar har ansvar for (T-1440). I tillegg er det utarbeidd ei nasjonal utgreiing av mogleghetene for rettsleg vern mot diskriminering på grunnlag av funksjonsevne. Dette arbeidet har resultert i at det er utarbeidd ei antidiskrimineringslov.

3.2 Fylkesplanar

Den nasjonale arealpolitikken er konkretisert gjennom fylkesplan og fylkesdelplanar.

Fylkesplan (2005 – 2008), Vegen vidare for Sogn og Fjordane

Det overordna målet i fylkesplana er å halde oppe folketalet. Fleire av innsatsområda i fylkesdelplana er av interesse for utviklinga i Bulandet og Værlandet. Sentrale stikkord er småskala næringar, sjørelatert aktivitet og folkehelse.

Fylkesdelplan for arealbruk

Fylkesdelplana har òg ei rekkje mål og strategiar som er relevante for utviklinga innanfor kommunedelplanområdet. Det kan t.d. nemnast at det er trekt opp føringar i forhold til utbyggingsmønster, landskapsforvaltning, kulturminne og kulturforvaltning, friluftsliv, biologisk mangfald, utnytting av ressursar og forvaltning av strand- og kystsona. Kystsoneforvaltninga er av spesiell interesse, der målet er å "Ivareta strandsona som viktig rekreasjons-, landskaps- og

naturområde og samtidig leggje til rette for busetjing og næringsutvikling". Vidare går det fram at ein skal "Få til ei lokalt tilpassing for å ivareta og byggje opp under kystkultur og tradisjon i fylket". Strategiane for å nå måla er å etablere oversikt over ressursane og legge til rette for samlokalisering og arealøkonomisering for å unngå unødvendig omdisponering. Gjennom retningslinjene er det klarlagt at ein skal unngå utbygging i urørte område og viktige naturområde, medan det ikkje skal gjennomførast utbygging i område som er verna etter sektorlov, naturområde med nasjonal og regional interesse og i friluftsområde med nasjonal og regional interesse.

4 DAGENS SITUASJON

Dei viktige problemstillingane har vore knytt til å synleggjere området sine viktige natur og miljøkvalitetar, samt føresetnadene som eksisterande busetnad og arealbruk skapar.

Informasjon om følgjande er samanstillt:

- Viktige landskapskvalitetar
- Naturområde og biologisk mangfald
- Kulturminne og viktige kulturlandskap
- Busetnad og næringsgrunnlag
- Kommunikasjon og transport

4.1 Landskap

Særpreget til Bulandet og Værlandet er det opne kystlandskapet. Landskapet med øyar holmar og skjær gjev Bulandet, Værlandet og Alden identitet.



Figur 4.1: Dominerande landform er ei lan strandflate og ein skjergard med mange øyar, holmar og skjær, med eit snaut preg (Bilde: [56]).

Øysamfunna innanfor planområdet tilhøyrer landskapsregion 20 [16], Kystbygdene på Vestlandet. Landskapet er karakterisert som typisk for sin region, rikt på natur

og kulturkvalitetar, kontrast og inntrykksrikt med oppdelte småskalaverknad i skjerna og småkuperte område, og utprega storskalaverknad i opne område mot havet. Værlandet og Bulandet er i regioninndelinga for landskap klassifisert som eineståande og særleg opplevingsrikt.

Berggrunnen i Værlandet og Bulandet er samansett av konglomerat og sandstein. I tillegg er det òg breksje, grønstein og grønnskifer i Værlandet og Alden. Dei næringsfattige og vitringssterke bergartane har gjeve eit særprega, trelaust øyvær samansett av eit mylder av nakne holmar og skjær. Landskapet er nake og ope. Dei ytterste øyane er små, mange og låge (5 – 20 moh.). Innover (austover) stig landskapet og Værlandet har høgare, svært karakteristiske, runde kollar. Det høgste punktet på Værlandet er Høgekleppen. Mest markert er Alden (481 moh.) som er lokalisert nordaust for Værlandet. Alden er eit særmerka landemerke som er synleg langt til havs.

Busetnaden og bygningane er i hovudsak konsentrert om hamneområda sentralt på Bulandet og nord og nordaust på Værlandet. Landskapet som ligg utanfor dei busette områda er lite prega av tekniske inngrep.

I Bulandet er det mange små øyar som er bundne saman med vegar og bruer til eit småskala tettbygd og skjergardsprega lite samfunn. Dyrka mark finn ein også på Værlandet – men hovudsakleg på Melvær. I Bulandet er det noko beitemark.



Figur 4.2: Busetnaden er ulikt fordelt, frå stadvis tett til nærmast ingenting (Bilde: [56]).

Det opne og skrinne øylandskapet er sårbart. Særleg sårbare for inngrep er høgdedrag og landskapsprofil som dannar horisontar og silhuetar. Dei viktigaste profilane følgjer høgdedraga på øyane og holmane. Desse går hovudsakleg i nordvest-søraust retning. I tillegg er òg kantsoner som strandlinja og landskapsелеment sårbare. Strandsone ligg eksponert i overgangen mellom sjø og land og er særleg sårbare for inngrep. Sjølv om det er ei lang strandlinje innanfor

planområdet, er deler av denne strandlinja ikkje tilgjengeleg frå sjøen. Desse områda er heller ikkje eigna for utbygging, pga. hellinga mot sjøen. Dette avgrensar tilgjengeleg areal for rekreasjon og utbygging langs sjøen.

4.2 Naturkvalitetar

Store delar av Værlandet og Bulandet er registrert i Naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning (DN) med verdi - viktig og svært viktig pga. naturtype og fugleliv [47].

Heile Bulandet er registrert i EDNA¹ [46]. Verdiane er knytt til overvintringsområde for våtmarksfugl og botanikk. Det er i naturbasen til DN registrert 9 lokalitetar på Bulandet med naturtypen – naturbeitemark. Lokalitetane er gitt verneverdi svært viktig p.g.a. blåstjernefjøkomstane. Gjennom registrering av kystblåstjerne i 2006 blei det registrert 16 lokalitetar som ikkje var registrert tidlegare [14].

I naturbasen til DN er det ikkje registrert lokalitetar på Melvær. I EDNA er det registrert eit areal på om lag 300 daa sør på Melvær. Verdien er knytt til naturtypen terrengdekkjande haugmyr. Naturtypen er påverka av grøfting/torvstikking og oppdyrking. I 2006 blei det registrert 2 lokalitetar med kystblåstjerne nord for fylkesvegen.

I Værlandet er det registrert 11 lokalitetar i naturbasen til DN. Sørværret er statleg sikra som eit naturreservat. Naturreservatet omfattar Austneset saman med om lag hundre holmar og skjær med omliggande område på sørsida av Værlandet. Samla femnar naturreservatet om eit areal på 8 110 daa. Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit viktig skjergards- og våtmarksområde. Området har ein særleg viktig funksjon som overvintringsområde for sjøfugl samtidig som det er viktig som trekk- og hekkeområde. Deler av naturreservatet er registrert som eit inngrepsfritt område, dvs. eit areal som ligg meir enn ein kilometer frå tyngre tekniske inngrep.

Duevatnet – Rånane omfattar eit areal på om lag 3 000 daa sør og vest på Værlandet. Det er eit kystlyngheiområde/kulturlandskap med botanisk interesse.


I tillegg til dei to ovannemnde områda er det registrert 9 områder i naturbasen til DN på Værlandet. Registreringane omfattar naturtypane naturbeitemark, slåttemark og rikt strandberg. Funn av raudlistearten blåstjerne er bakgrunn for registrering av dei fleste områda. I 2006 blei det registrert 3 lokalitetar av kystblåstjerne som tidlegare ikkje er kartlagt.

Ved Alden er det registrert to områder i naturbasen til DN og tre områder på nordsida av Alden i EDNA. Områda som er registrert i naturbasen til DN er klassifisert som svært viktige. Bakgrunnen er funn av raudlisteartene blåstjerne og Norsk timian. I tillegg er Alden klassifisert som eit inngrepsfritt område. Ved kartlegginga av kystblåstjerne i 2006 blei det gjort ei ny registrering på Aldeøyna.

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi	Areal
1	Sørværret	Intakt lavlandsmyr	Svært viktig	2 023 daa
2	Duevatnet – Rånane	Kystlynghei	Viktig	3 113 daa
3	Nybø	Naturbeitemark	Svært viktig	126 daa
4	Kleiva	Naturbeitemark	Svært viktig	14 daa
5	Kleiva nord	Naturbeitemark	Svært viktig	38 daa
6	Gåsevatnet vest	Naturbeitemark	Viktig	23 daa
7	Hamna Værøy	Slåttemark	Svært viktig	6 daa
8	Hamneholmen	Rikt strandberg	Svært viktig	10 daa
9	Kalvøyna	Naturbeitemark	Svært viktig	20 daa
10	Vågen – Landøyna	Naturbeitemark	Svært viktig	34 daa
11	Pervågen – Landøyna	Naturbeitemark	Svært viktig	5 daa
12	Hillerøyna	Naturbeitemark	Svært viktig	41 daa
13	Kjempeneset	Naturbeitemark	Svært viktig	35 daa
14	Nikøya	Naturbeitemark	Svært viktig	63 daa
15	Hågøyna	Naturbeitemark	Svært viktig	76 daa
16	Gjørøyna	Naturbeitemark	Svært viktig	150 daa
17	Fedøy	Naturbeitemark	Svært viktig	215 daa
18	Gjelsa	Naturbeitemark	Svært viktig	46 daa
19	Halsøyna	Naturbeitemark	Svært viktig	24 daa
20	Middagsholmen	Naturbeitemark	Svært viktig	11 daa
21	Sandøyna	Slåttemark	Svært viktig	190 daa
22	Alden sørside	Naturbeitemark	Svært viktig	1 181 daa
23	Alden nordvest	Kalkrike enger	Svært viktig	16 daa

Tabell 4.1: Oversikt over biologisk mangfald i naturbasen til DN [47].

¹ Område med spesielle naturkvaliteter.



Figur 4.3: Landskap natur og miljø.

Kommunedelplan for Bulandet - Værlandet


Tabell 4.2 gjev oversikt over lokalitetane av kystblåstjerne som blei registrert i 2006. Figur 4.3 viser lokalisering og ei grov avgrensing av dei kartfesta lokalitetane. I rapporten som er utarbeidd av Miljøfagleg utredning er det gjort ei dobbel verdigradering av alle lokalitetane. Verdigraderinga er gjort både i samsvar med Direktoratet for naturforvaltning sitt system for klassifisering og i forhold til lokaliteten sin verdi som vekststad for kystblåstjerne. Bakgrunnen for den doble verdsettninga er at kystblåstjerne automatisk skal ha verdi svært vikt (A) etter systemet til DN. I rapporten er verdien for nokre lokalitetar sett ned til viktig (B). Nedsettninga er grunna i lite areal og populasjon og/eller manglande hevd. Den formelle verdsettninga er supplert med ei vurdering av lokaliteten som vekststad. Gradering av lokalitetane som vekststad:

- *** lokaliteten har stor verdi som vekststad
- ** lokaliteten har middels verdi som vekststad
- * lokaliteten har liten verdi som vekststad

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi	Bestand
1	Aldevåg, Alden	Naturbeitemark	A (***)	God
2	Aldeøyna	Kystlynghei	B (*)	Sparsom
3	Alden vestsida	Kystlynghei	B (*)	Sparsom
4	Båtkletten	Naturbeitemark	A (*)	Sparsom
5	Kleiva	Naturbeitemark	A (**)	Sparsom
6	Kleiva nord	Naturbeitemark	A (***)	God
7	Ferjeleiet nord	Naturbeitemark	A (***)	Stor
8	Gåsevattet øst	Naturbeitemark	A (**)	Sparsom
9	Gåsevattet vest	Naturbeitemark	A (*)	Sparsom
10	Nybø	Naturbeitemark	A (***)	God
11	Værøy	Kystlynghei	A (**)	God
12	Hammholmen	Slåttemark	A (**)	Sparsom
13	Kalvøyna	Naturbeitemark	A (**)	Sparsom
14	Pervågen	Naturbeitemark	B (*)	Sparsom
15	Vågen, Landøyna	Naturbeitemark	A (**)	God
16	Melværkletten	Naturbeitemark	A (***)	Stor
17	Melværågen nord	Naturbeitemark	A (***)	God
18	Melvær sørvest	Naturbeitemark	A (**)	Sparsom

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi	Bestand
19	Brattholmen	Kystlynghei	B (*)	Sparsom
20	Gjørineset	Naturbeitemark	B (*)	Sparsom
21	Gjørøyna	Naturbeitemark	A (***)	Stor
22	Gjørøynes	Naturbeitemark	A (**)	God
23	Kvatene	Naturbeitemark	A (**)	God
24	Hågvøy nordaust	Slåttemark	A (***)	Stor
25	Bumanneset	Naturbeitemark	A (***)	Stor
26	Nord-Gjelsa	Naturbeitemark	A (**)	God
27	Gjelsa nordvest	Naturbeitemark	A (**)	God
28	Gjelsa sørøst	Naturbeitemark	B (*)	Sparsom
29	Grisholmen (Fedøy)	Naturbeitemark	A (**)	God
30	Fitlåta	Naturbeitemark	A (***)	Stor
31	Fedøy (vestre)	Naturbeitemark	A (***)	Stor
32	Litle Nikøy	Naturbeitemark	B (*)	Sparsom
33	Nikøyna	Naturbeitemark	B (*)	Sparsom
34	Myrbærskjeret	Naturbeitemark	B (*)	God
35	Kjempeneset	Naturbeitemark	A (**)	God
36	Hellersøyna	Naturbeitemark	A (***)	Stor
37	Vadøy	Naturbeitemark	B (*)	Sparsom
38	Kasteholmen	Kystlynghei	A (***)	Stor
39	Tistelen	Naturbeitemark	B (*)	Sparsom
40	Halsøyhaugen	Kystlynghei	A (**)	God
41	Middagsholmen	Kystlynghei	A (***)	Stor
42	Middagsholmen	Kystlynghei	B (*)	God
43	Klovøyna	Naturbeitemark	A (***)	Sparsom
44	Kvaløyna	Naturbeitemark	A (***)	Stor
45	Store Lyngholmen	Naturbeitemark	B (*)	Sparsom
46	Sinholmen	Naturbeitemark	A (**)	God
47	Sandøyna	Slåttemark	A (***)	Svært stor
48	Sandøyvaulen	Naturbeitemark	A (***)	Svært stor
49	Grisholmen	Naturbeitemark	B (*)	Sparsom
50	Tussesenga	Naturbeitemark	B (*)	Sparsom
51	Store Måggøy	Naturbeitemark	A (**)	God

Tabell 4.2: Oversikt lokalitetane av kystblåstjerne som blei registrert i 2006 [14].



Figur 4.4: Karfesta lokaliteter med kystblåstjerne som blei registrert av Miljøfagleg utredning i 2006.

4.3 Sjøfugl

Øyværet er viktig som både lokalitet, hekke- og overvintringsområde for våtmarks- og sjøfugl. Det ligg føre registreringar både i naturbasen til DN [47] og i EDNA [48].

Lokalitet	Prioritet	Kommentar
Buesteinen	Lokal	Hekke og rasteplass for sjøfugl
Sandøyneset	Lokal	Viktig hekkeplass for fleire artar sjøfugl
Måseøy	Lokal	Fleire hekkelokalitetar for måsefugl
Fedøyholmene	Lokal	Sjøfugllokalitet
Vassøy	Lokal	Sjøfugllokalitet
Halsøyskjera	Lokal	Sjøfugllokalitet
Steinsøy	Lokal	Sjøfugllokalitet
Seingskjæra	Lokal	Sjøfugllokalitet
Bjørnøyskjæra	Lokal	Sjøfugllokalitet
Sørværet	Svært viktig	Overvintringsområde, trekk- og hekkelokalitet
Gåsevåtn	Lokal	Rasteplass for våtmarksfugl
Langvåtn	Lokal	Rasteplass for våtmarksfugl
Nordnesholmene	Lokal	Sjøfugllokalitet
Fagervikholmene	Lokal	Sjøfugllokalitet
Tenneskjæret	Lokal	Sjøfugllokalitet
Øya	Lokal	Sjøfugllokalitet

Tabell 4.3: Oversikt over sjøfuglområde i naturbasen til DN og EDNA.

4.4 Kulturminne og kulturmiljø

Øyane i Værlandet, Bulandet Alden er typiske for det trelause kystkulturlandskapet. Kombinasjonen med fiske og jordbruk har halde kulturlandskapet i hevd med mellom anna beite, hausting av lyng og tare, og uttak av tov [15]. I dag er deler av dette kulturlandskapet i ein atgroingsfase mot eit meir skogdekkande landskap som følgje av bl.a. planting av barskog og naturleg atgroing.

Bygningsmiljøet er knytt til busetnaden og næringsvegane med naust og sjøbuer og til industri og hamner. Tradisjonelt har busetnadene leie nær sjø. I Værlandet er bygga i stor grad lokalisert i le for vind og vær. Husa i Værlandet er lite synleg frå

store avstandar. Husa er bygg tilpassa terrengformene. Bulandet består av mange låge øyar. På fleire av desse øyane står deler av bygningsmassen i silhuett mot havet. Både i Bulandet og Værlandet har bygga klar tilknytning til næringsgrunnlaget, som har vore og er fiske.

SEFRAK² er eit landsdekkjande register over eldre bygg og bygningsmiljø ført opp før 1900. Dei registrerte bygga er i utgangspunktet ikkje lagt under eit formelt vern, men mange av bygga kan likevel ha verneverdi. Dei SEFRAK-registrerte bygga og bygningsmiljøa har identitets og kulturhistorisk verdi. Miljøet fortel ei historie om utvikling på staden, og om tradisjonar. I Bulandet, Værlandet og Alden er det i SEFRAK-registret registrert bustader, sjøbuer, naust, driftsbygg/låve, eldhus, kvernhus, nothenge og grunnmurar. Samla er vel 50 bygg innanfor planområdet registrert i registret.

Dei SEFRAK-registrerte bygga i Bulandet er lokalisert på Sandøy, Gjelsa, Halsøya, Nikøy, Gjørøya og Kjempeneset. På Kjempeneset var det vårsildfisket som var bakgrunnen for opprettinga av gjestgjevarstaden. I dag er det få spor igjen etter dette gamle miljøet. Det gamle kapellet i Bulandet er rive. Kapellet var truleg plassert på Gjelsa [15].

I fylkesdelplana for arealbruk er øybruket på Sandøy ytterst i Bulandet registrert som eit heilskapleg bygningsmiljø og kulturlandskap av lokal verdi. Dette miljøet er spesielt omtalt i rapporten *Kulturlandskap og kulturmaksstypar i Askvoll kommune* [15].

På Værlandet er det i SEFRAK-registret registrert bygg på Nybø, Kalvøy og Hamna. I Hamna er det registrert ei rekkje bygg som danar eit bygningsmiljø, der det er tatt vare på det særigne preget med sjøhus og naust. Dette bygningsmiljøet er av fylkeskultursjefen foreslått regulert som spesialområde bevaring [1].

Området er dårleg dokumentert i forhold til automatisk freda kulturminne. I kulturminnedatabasen til Riksantikvaren, Askeladden [53], er det verken registrert automatisk freda kulturminne eller vedtaksfreda minne i Bulandet og Værlandet. Bruken av areala indikerar at det er potensielle for funn. Spesielt dei tilgrensande sjøområda er av interesse, noko som er klarlagt gjennom definering av sjøområda som eit prioritert marinarkeologisk område.

² Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg.

På sør- og austsida av Alden er det i Askeladden [53] registrert fleire gravrøyser frå jernalderen. Dette er automatisk freda kulturminne.

4.5 Naturressursar og næring

Tradisjonelt har fiske og fiskeforedling vore den viktigaste næringsvegen.

Sjøtransport har vore ein viktig føresetnad for næringslivet og busetnaden.


Tilgjengelege hamneanlegg er difor ein viktig føresetnad for vidare næringsaktivitet og utvikling på øyvrøret.

Akvakultur har dei seinare åra vore i vekst, og er sentralt for næringslivet. Næringa er avhengig av reine og friske omgjevnader. I sjøområda ved Bulandet og Værlandet er det i dag lokalitetar for laksefisk, marin fisk og skjell. Næringa utviklar seg så rask at det er vanskeleg å planlegge for framtidig oppdrett. Krav til anlegg og oppdrett endrar seg òg over tid. Fiskerieringa sysselsett og ei rekkje personar i Bulandet og Værlandet. Dei sysselsette driv både fiske og fordeling. Både havgåande fiskebåtar og sjarkar er lokalisert i Bulandet og Værlandet. I Bulandet er det i dag to fiskemottak (Bulandet Fiskeindustri AS og Nikøy AS) og eit på Værlandet (Landøy Fiskeoppdrett AS).

I sjøområda ved Bulandet er det registrert kaste- og låssingsplassar, samt gyteplassar. Utanfor Bulandet, Værlandet og Alden er det registrert reketrålfelt. Sør for Melvær og vest for Alden er det registrert skjelsandførekomstar. Relativt store areal kring både Bulandet, Værlandet og Alden er registrert som tareområde. Ein båt i Bulandet driv med taretråling.

Landbruket utgjer i dag ikkje noko stor del av næringsgrunnlaget i Bulandet og Værlandet. Ved sida av det eine bruket på Melvær som er i aktiv drift, er det avgrensa landbruksaktivitet på nokre bruk.

I Værlandet ved Rånane er det etablert ei bedrift som driv uttak og foredling av ulike steinartar (m.a. grønsteinbreksje).



Figur 4.4: Ressursar i sjøen.

4.6 Utbyggingsmønster, busetnad og sysselsetting

I Bulandet er det eit spreidd utbyggingsmønster lokalisert i vikar og sund på om lag 15 øyar. Til dei einiskilde eigedomane er det ofte brygge/båt plass og sjøbu/naust. Det er òg til ein del av eigedommane båt plass til større båtar.

I Værlandet er busetnaden i hovudsak lokalisert til områda Hamna – Nybø, Kalvøyna og Landøyna. Ein større del av bygga er lokalisert noko lenger frå sjøen og har ikkje den direkte kontakten med sjøen som i Bulandet. Båtplassane og sjøbuene i Værlandet er i større grad enn i Bulandet lokalisert i "felles" hamner. Likevel har kontakten og tilknytninga til sjøen vore ein viktig føresetnad for busetnaden i Værlandet.

Begge øysamfunna har nærmiljøfunksjonar som barnehage, butikk, og kafé. Felles barne- og ungdomsskule, kapell og gravlund er lokalisert i Bulandet, medan det er etablert eit kapell og ein gravplass på Værlandet. Andre offentleg og kommersielle tenestetilbod finn ein i kommunesenteret på fastlandet.

Innanfor dei utbygde og delvis utbygde områda er det ikkje noko klart skilje mellom areal til ulike formål. Utbyggingsmønsteret er spreidd med ei funksjonsblanding, der det ikkje er noko klar grense mellom ulike formål.

Urørt natur, kultur og naturkvalitetane har vore og er eit godt grunnlag for utvikling av reiselivet. Bulandet og Værlandet har eit særlege og unikt landskap. Interessant geologi, flora og fauna gjer øyværet attraktivt og spesielt.



Figur 4.6: Offentlege funksjonar og private verksemdar i Bulandet. Turistverksemda Campella-bua er lokalisert på Fedøy under teiknforklaringa.

Vel halvparten av dei sysselsette jobbar innanfor primær- og sekundærnæringsar, medan i underkant av halvparten i tenestenæringsar.



Figur 4.7: Offentlege funksjonar og private verksemdar i Værlandet.

Reiselivet i øyværet her ein desentralisert struktur med små eininga spreidd i tilknytning til busetnaden på både Værlandet og Bulandet. Næringsa er lite utvikla og har eit vekstpotensiale dersom det blir utvikla attraktive produkt lokalisert på rett stad der det blir tatt omsyn til eignaheit og tilgjenge.

I Bulandet og Værlandet er det ført opp eit avgrensa tal på fritidsbygg. I tillegg er ein del sjøbuer omdisponert til fritids- og utleiegeheimingar.

4.7 Friluftsliv, naturkontakt og lek

Det er etablert nærmiljøfunksjonar som leikeplass/ballplass, fotballplass, gymnastikkisal og badeplassar både i Værlandet og Bulandet. I Bulandet blir det jobba med etablering av eit synjebasseng.

Værlandet, Bulandet og Alden er eit flott øyvær som er eit viktig utgangspunkt og område for friluftsliv. Grunnlaget er landskaps- og naturkvalitetane med godt tilhøve for eit aktivt friluftsliv som femnar om fotturar, sykkeltur, riding, båtliv, bading og fiske. Både i Bulandet og Værlandet er det etablert småbåthamner. Området er vurdert som viktig for friluftsliv både lokalt og regionalt.

Sjøområda er utgangspunktet for båtliv, padling, bading og fiske. På land er det ei rekkje turmål og utsiktspunkt som ein når via veggband og stiar. Nordsjøøyypa mellom Værlandet og Bulandet er eit eksempel på ei viktig turløype som bind saman øyværret. I Værlandet følgjer store delar av løypa den gamle skulevegen mellom Myrvågen og Sjørgarden. Frå Nordsjøøyypa går det stiar opp på Klettane. Klettane er Værlandet sitt mest karakteristiske kjennemerke.

Frå Værlandet følgjer Nordsjøøyypa vegen over Melvær til Halsøyhågen i Bulandet. Eit anna viktig utsiktspunkt og utfartsmål på sørspissen av Bulandet er Hillesøyna. På Hillesøyna er det skulpturane av kystkvinnene Berte og Hansine.

I Fylkesmannen sitt register for eigna friluftsområde, FRIDA, er det registrert to områder på Værlandet [48]. Det eine området femnar om deler av Sjørværet naturreservat, medan det andre femnar om areala kring Høgekleppen og strekkjer seg frå Kleivavågen til Soknevågen. Soknevågen er dessutan ein prioritert badeplass. Alden er òg i FRIDA registert som eit friluftsområde.

Utviklinga av reiseliv som næringsveg tek utgangspunkt i desse kvalitetane.


4.8 Kommunikasjon og transport

For å komme til Bulandet og Værlandet er ein avhengig av båt/ferje. Mellom Askvoll og Værlandet går det ferje. Ferja har mellom 4 og 6 avgangar dagleg. I tillegg til denne leia går det leier både på nordsida og sørsida av øyværret mellom Værlandet og Bulandet. Seglingsleiene er markert med ei rekke fyrlykter. Det er ikkje tillate med aktivitet som bandlegg areal i fyrlyktene sine kvite sektorar.

I tillegg til ferjekaiene finst det kaier/hamner som blir nytta til einsskilde og blanda formål, samt motoar og småbåthamn.

Fylkesveg 365 og den kommunale vegen bind saman Bulandet og Værlandet. Ved utbygging av fylkesvegen blei det lagt til grunn standardklasse S1 (samleveg i område med spreidd busetnad). Vegen er for dei fleste strekkane bygd som einfeltsveg med dimensjonerande fart 50 km/t og 60 km/t.

Den kommunale vegen frå ferjekaia i Værlandet og fylkesveg 365 bind saman øyane i området. Til den kommunale vegen er det etablert tilkomstar både frå grupper av bygg og frå enkelbygg.



Figur 4.8: Nærmiljø og fritilslutiv.

4.9 Tilgjenge (universell utforming)

Ulrike tidsepokar har gjeve bygg av ulik karakter innanfor planområdet, noko som og medfører at tilgjenge for menneske med nedsett funksjonsevne varierer. Når det gjeld tilkomst til bygg som skal vere offentleg tilgjengelege, har det i stor grad vore ein positiv utvikling frå Bulandet kapell med si høge trapp som no er ombygt og til Joker-butikken med inngang direkte frå terreng. Skulen på Bulandet har og tilgang direkte frå terreng. Den positive utviklinga ser ein òg på bustadbygga, sjølv om stilarter og tilrettelegging varierer. Gjennom folke og bustadteljinga i 2001 er det klart at i underkant av 30 % av bustadene er tilgjengelege for rullestol, noko som er om lag 10 % over gjennomsnittet i kommunen [45].



Figur 4.9: Bilda viser inngangen til Kapellet i Bulande skulen, omsorgsbustadane og butikken i Værlandet (Bild: [60]).


Dei ulike funksjonane er spreidd både i Bulandet og Værlandet. Høgdeforskjellane er små. Tilgjenge varierar, men jamt over er tilgjenge til dei fleste publikumsretta funksjonane god.

Uteområda/friområda er i liten grad tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne, men skulen og barnehagane har planerte uteopphaldsareal.

4.10 Helse

Det bur om lag 450 personar i Bulandet og Værlandet. Utviklinga viser auke i folketalet, kvinnedelen og for born under 16 år. Busetnaden er i hovudsak knytt til næringsvegane fiske, akvakultur og turisme. Om lag 40 prosent av innbyggjarane er under 30 år [11].

I Bulandet og Værlandet er det ei befolkning som består av ein forholdsvis høg del personar i skulealder. Delen innbyggjarar i arbeidsfør alder er noko lågare enn landsgjennomsnittet og fylkesgjennomsnittet for gruppa mellom 20 – 30 år. For gruppa 30 – 66 år ligg delen innbyggjar på fylkesgjennomsnittet, men noko under landsgjennomsnittet.



Figur 4.10: Befolkningsstruktur viser kor stor prosentdel dei ulike aldersgrupperne utgjer samanlikna med gjennomsnittet for fylket og landet i ulike aldersklassar [45].

I Bulandet og Værlandet er det nesten utelukkande einbustader. Talet på nye bustader som blir ført opp er avgrensa og varierer. Dei seinare åra er det ført opp mellom 0 – 3 bustader pr år. Om lag 55 % av befolkninga bur i hushaldningar med 1 – 2 personar, medan dei øvrige 45 % fordeler seg jamt på hushaldningar med 3 – 6 personar. Dette er omtrent på nivå med den øvrige befolkninga i kommunen [45].

Innanfor planområdet er det ut frå dei opplysningane som ligg føre i liten grad forureiningsproblem i forhold til støy, grunnforureining eller strålefare. Det ligg ikkje føre noko støyvurdering, men truleg er ikkje vegtrafikkstøy noko utfordring. Støy og støv frå steinbrotet på Værlandet kan vere ei utfordring.

I nasjonale databasar er det ikkje registrert grunnforureining [47 og 52] eller radonfare (Statens Strålevern).

Levekårsindikatorane på Statistisk sentralbyrå si måling "Hjulet" indikerer for Askvoll kommune at kommunen totalt sett ligg på eit gjennomsnitt i forhold til Sunnfjord. Kommunen kjem godt ut i forhold til dødleghet, attføring og arbeidsledigheit, men kjem noko dårlegare ut i forhold til sosialhjelp, uføretrygd og utdanning [46]. Desse datane fortel ikkje om Bulandet og Værlandet skil seg ut i positiv eller negativ reining samanlikna med resten av kommunen.

I Bulandet og Værlandet er det eit rikt tilbod av foreiningar og lag. Tilbodet femnar bl.a. om idrettslag, grendslag, ungdomslag, indremisjon, Barnas turlag og sanitet. I tillegg er det samanlikna med storleiken på lokalsamfunnet eit relativt bredt spekter av servicefunksjonar som omfattar bl.a. daglegvareforretningar, kafé, frisørsalong, treningssenter, basseng (kapell), ridesenter, massasje og galleri. Det er ikkje etablert offentlege funksjonar utover skule og barnehage. Eldrebustadene er offentleg.

Dei delvis utbygde områda er omkransa av grønne område og har god kontakt med sjøen. Dei prioriterte stiane er spesielt på Værlandet godt merka og det er god kontakt mellom desse stiane og dei delvis utbygde områda, noko som sikrar tilgjenge til nærfriluftsområda.

4.11 Vassforsyning og avlaup

I Bulandet blir innbyggjarane forsynt med vatn frå kommunal vasskjelde og private kjelder. Det kommunale vassverket har hovudmagasin på Langøyna. Vassverket forsyner vel halvparten av innbyggjarane og Bulandet Fiskeindustri. Ved utviding av leidningsnettlet kan vassverket forsyne heile busefnaden i Bulandet. Bulandet vassverk har inntak i eit oppdemt magasin på Langøy og reservemagasin på Hillersøyna. I tillegg er det etablert ei overføringsleidning mellom Duevatn og magasinet på Langøy

I Værlandet er vassforsyninga basert på fleire private vassverk og enkeltforsyning. Eidavatn, Duevatn og Gåsevaten med tilhøyrande nedslagsfelt er viktige vasskjelder.

Vatnet ved Ørmekletten er drikkevassskjelda for Melvær.

Det er verken i Bulandet eller Værlandet etablert anna enn private anlegg for reining av utslepp.

5 AREALBRUKSLØYSINGAR

I samsvar med § 20 – 4 i plan- og bygningslova, skal arealdelen av kommuneplanen seie kva arealet innanfor planområdet skal nyttast til. Det meste av arealet er foreslått sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) og fleirtbruksområde i sjø. I tillegg er det bl.a. sett av byggeområde og landbruks-, natur- og friluftsområde for spreidd utbygging, bandlagde område og trafikkområde.

Differensiert forvaltning av strandsona innanfor dei delvis utbygde områda har vore ei sentral utfordring gjennom planarbeidet. Bakgrunnen er at folk busette seg frå gammalt av ved sjøen fordi den både var ein viktig transportveg og leveveg. I dag blir strandsona sett på som eit viktig rekreasjonsområde for allmenta - samtidig som den er eit viktig leveområde for planter og dyreliv. For å legge til rette for ei ballansert og differensiert forvaltning av strandsona der ein både tar omsyn til utbyggingsinteressene og omsynet bak byggeforbodet i 100-metersbeltet, har ein innanfor deler av planområdet valt å definere ei sokalla *funksjonell strandsona*. Den funksjonelle strandsona er eit retningslinjeareal som syner kor mykje og nær sjøen det kan byggast ut innanfor for dei delvis utbygde områda. Den funksjonelle strandsona går gjennom ulike arealbruksformål. Det er arealbruksformålet som avklarar om det kan byggjast ut innanfor den funksjonelle strandsona.

Den funksjonelle strandsona er fastsett ut frå følgjande kriterium:

- Biologisk mangfald; verneområde, verdifulle naturområde, sjøfugl
- Friluftsliv; område som er sikra/bør sikrast, nærfriluftsområde, noverande bruk
- Landskap; opplevingsverdi, grad av urørtheit og kulturlandskap
- Kulturminne; kulturlandskap og bygningsmiljø

Til den funksjonelle strandsona er det utarbeidd ei retningslinje som syner korleis kommunen ynskjer å forvalte strandsona.

5.1 Næring


Næringslivet innanfor området er i stor grad knytt til sjøen og spesielt fiske, akvakultur og fiskeforedling. Samtidig er det på land eit vidt spekter av ulike servicetilbod. Servicetilbodet er spreidd innanfor øyværet med stor grad av funksjonsblanding.

I plana er det opna for ei vidareutvikling av dei etablerte næringslivet og etablering av verksemdar innanfor både byggeområde og LNF-område for spreidd utbygging.

Plana opnar både for utviding av eksisterande næringsbygg, endra bruk av bygg og oppføring av nye bygg. Plana er å sjå på som ei utviklingsplan som trekker opp dei ytre rammene for kor det kan utviklast verksemdar. Utviklinga innanfor rammene av plana vil vere avhenging av private initiativ. Plana gjev rom for eit fleksibelt utbyggingsmønster, og truleg vil det spreidde utbyggingsmønsteret som pregar både byggeområda og LNF-områda for spreidd utbygging bli vidareført.

Funksjonell strandsona og førekomstar av raudlisteartar avgrensar kor større og arealkrevjande næringsverksemdar blir etablert, grunna at natur, kultur og friluftsiinteressene er gjeve prioritet innanfor funksjonell strandsona.

Plana opnar for to nye hovudutbyggingsområde, der det er lagt til rette for etableringa av nærings- og industriverksemdar. I Bulandet er arealet lokalisert på den vestlege delen av Søre Gjørøy med tilhøyrande hamn. I Værlandet er arealet lagt vest for ferjekaia. Det ligg ikkje føre konkrete planar om etableringar, men arealet er sett på som viktige for å legge til rette for - og stimulere til vekst og utvikling innanfor planområdet.



Figur 5.1: Sentrale hovudutviklingsareal for næringsutvikling i Bulandet (til venstre) og Værlandet (til høgre).

Følgjande strategi er lagt til grunn:


- Utvikling av areal ved eksisterande verksemdar og etablering av nye på bakgrunn av reguleringsplan i byggeområde og utbyggingsplan i LNF-område for spreidd utbygging.
- Bruksendring av driftsbygg og sjøhus/naust. Utviding og vesentleg fasadeendring, føreset plan.

5.2 Bustad

Kommunen fører, og ynskjer å vidareføre, ein politikk som skal oppretthalde og styrke busetnaden i Bulandet og Værlandet. Tilrettelegging for bustadbygging både innanfor byggeområde og i LNF-område for spreidd bustadbygging i kombinasjon med å legge til rette for ulike næringsveggar og ny bruk av eldre bygg er viktige virkemiddel.

I plana er det 12 område for bebyggelse der det er opna opp for vidare bustadbygging/fortetting. Det er LNF- område for spreidd utbygging der det kan først opp nye bustader. Desse områda femnar om delvis utbygde areal, utviding av delvis utbygde areal og nokre nye område. Områda med "størst" konsentrasjon er lagt ut som byggeområde, medan dei meir spreidd utbygde områda og område der kommunen ynskjer å vidareføre det spreidd utbyggingsmønsteret er lagt ut som LNF-område for spreidd utbygging.

Sør for fylkesveg 365 i Melvær er det sett av eit nytt område for spreidd utbygging. Dette saman med byggeområda på Søre Gjørøy og Taska er areal som ikkje er, eller i liten grad er prega av tekniske inngrep.



Figur 5.2: Sentrale nye hovudutviklingsareal for bustadbygging i Bulandet (til venstre) og Melvær (til høgre).

Følgjande strategi er lagt til grunn:

Utviding av eksisterande bygg:

- Utviding av noverande bustader innanfor LNF-BE og noverande område for bebyggelse utan krav om reguleringsplan.

Rammer for utviding:

- BRA = 400 m²
- Kriterium for høgde på bygg, og lokalisering i forhold til differensiert strandsonopolitikk og stormflo.

Nye bustader:

- I noverande byggeområde for bebyggelse og LNF-område for spreidd bebyggelse kan framtidige bustader først opp utan reguleringsplan. Rammene for utviding av eksisterande gjeld ved oppføring av framtidige.
- I framtidige område for bebyggelse er det krav om reguleringsplan for oppføring av nye bygg. Reguleringsplan avklarar kvar nye bustader kan først opp og kriterium for utforming.


5.3 Område for reiseliv og fritidsbygg

Landskapet har kvalitetar som det kan byggjast vidare på for utvikling av området til eit fritids- og reiselivsmål, men det føreset at det blir utvikla produkt og opna opp for fritids- og reiselivsareal. Potensialet og moglege produkt er ikkje spesielt vurdert gjennom planarbeidet. I plana er den spreidd strukturen vidareført. Samtidig er det opna for utvikling av eit sentralt reiselivsområde i Bulandet på Gjørøyna. I tillegg er det sett av fire framtidige område for fritidsbebyggelse. Områda for fritidsbebyggelse femnar om Vardøyna mellom Bulandet og Melvær og Kleivavågen, Nordneset og areala ved Stroka i Værlandet. Areal ved Stroka (FB2) kan vere utsett for støy frå steinbrotet. Spørsmålet i forhold til støy må avklarast ved utarbeiding av reguleringsplan for området.

Det er i plana ikkje sett av areal til småbåthamn ved områda for fritidsbebyggelse. Spørsmålet om etablering av hamn og lokalisering må særskilt vurderast ved utarbeiding av reguleringsplan.

5.4 Bandlagde område

Sørværet naturreservat og vasskjeldene i Bulandet og Værlandet er bandlagt. Det same gjeld arealet til forsvaret i Værlandet. Sørværet er statleg sikra gjennom naturvernlova, medan anlegget til forsvaret er regulert. Vasskjeldene er ikkje sikra. Det er behov for å avklare endeleg avgrensing av nedslagsfelta gjennom regulering og evt. konsesjonshandsaming. For areal som er bandlagt og der arealbruken ikkje er følgd opp med reguleringsplan eller sektorlov, er verknaden av arealdelen avgrensa til 4 år frå plana er vedteken. Det er difor svært viktig at vasskjeldene blir sikra. Dette gjeld spesielt nedslagsfeltet til vasskjeldene i Værlandet som truleg er sårbara i forhold til både noverande og framtidig arealbruk.




Figur 5.3: Område for fritidsbebyggelse som femnar om Vardøyna (FB1) mellom Bulandet og Melvær og Kleivåvågen (FB4), Nordneset (FB3) og "Myrvågkrysset" (FB2) i Værlandet.

Følgjande strategi er lagt til grunn:

- Utviding av eksisterande fritidsbygg innanfor byggeområde for fritidsbebyggelse utan krav om plan.
- Krav om reguleringsplan for bygging av nye fritidsbygg i byggeområde for fritidsbygg.

Rammer for utviding av eksisterande:

- BRA = 200 m².
- Kriterium for høgde på bygg, og i forhold til differensiert strandsonepolitikk og stormflo.



Figur 5.4: Bandlagt område kring vasskjelda i Værlandet. Eksisterande bygg innanfor nedslagsfeltet og i randsona viser på kartet. I tillegg går vegen mellom Værlandet og Bulandet gjennom området.


5.5 Eldre bygg og bygningsmiljø

I plana er det eldre bygningsmiljøet i Hamna foreslått bandlagt som spesialområde - bevaring. Området bør vidareutviklast og takast vare på gjennom regulering til

spesialområde bevaring etter § 25 fyrste leidd nr. 6 i plan- og bygningslova. Reguleringa er fleksibel og inneber at kommunen gjennom utøving av mynde avklarar kva og korleis området skal takast vare på.

Formålet med bandlegginga og regulering til spesialområde bevaring, er å ta vare på det eldre og karakteristiske bygningsmiljøet som består av sjøhus og naust samtidig som det blir lagt til rette for bruk. Tilrettelegging for spesielt næringsutvikling vil vere sentralt igjennom arbeidet med regulering av området. I det ligg det at reguleringsplana skal vere fleksibel slik at det er rom både for å ta vare på miljøet og utvikle bygningsmassen slik at areala kan nyttast på ein tidsmessig effektiv måte.

Det vil ikkje bli tillate å rive bygg. Ved fasadeendring skal så mykje som mogeleg av eldre bygningsmateriale takast vare på, og ved til- og påbygg skal det takast omsyn til forma på eksisterande bygg. Eventuelle nye bygg må tilpassast det opphavlege miljøet.



Figur 5.5: *Bilde frå Hamna i Værlandet frå 1905, 1917, 1949 og 2005 (Bilde: [56]).*

I tillegg til bygningsmiljøet i Hamna er det registrert ei rekkje eldre bygg innanfor planområdet. Verdien av bygga er ikkje kartlagt, men truleg representerar fleire av desse bygga viktige verdjar. Ved endring av desse bygga ynskjer kommunen å bli

involvert tidleg for å få avklart eventuell verneverdi og finne fram til gode løysingar. Formålet er å kunne ta vare på kvalitetar ved bygga og bygningsmiljøa.

5.6 Arealbruk i sjø

Kystsonaplana og arealbruken i sjøområda er vidareført gjennom kommunedelplana, med nokre unntak. Unntaka er hovudsakleg knytt til justering av arealbruk i samsvar med det som er opplyst som faktisk bruk. Dei største justeringane femna om avsetting av hamna i Landøy som hamn og justering av ein del av fiskeområda (kaste- og låssetningsplassane).

Søre Gjørøy er det viktigaste framtidige næringsutviklingsarealet med hamn og tilhøyrande industriområde. Det ligg ikkje føre konkrete planar om etablering i området, men arealet er peikt på som den einaste lokaliteten for ei framtidig djupvasskai. For kommunen har det vore viktig å sikre dette arealet til framtidig hamn og industri/hæringsutvikling.

I tillegg er det foreslått etablert ei småbåthamn mellom Gjørøyna og Søre Gjørøy.

6 UTVIKLINGSOMRÅDE – VÆRLANDET VEST

Arealbruken i vedtekte reguleringsplanar er vidareført, og omfattar areal til forsvaret og områda for steinbrot. Det er sett fram fleire ynskje om utvikling i området. Ynskje om utvikling omfattar delvis utviding av eksisterande steinbrot med etablering av djuvasskai i Melvårsundet. I tillegg er området vurdert til å ha potensiale som eit areal for ein vindmøllepark.


Planane for utviklinga i området er ikkje konkretisert. Det må jobbast meir med moglege arealbruksløyysingar før ei eventuell omdisponering av areal. Kommunen har difor valt å definere arealet som eit utviklingsområde. Formålet med definering av området som eit utviklingsområde er å få nærmare konkretisert ynskja, vurdere arealbrukskonfliktar og sikre viktige kvalitetar i området.

Området har eit karakteristisk natur og kulturlandskap som har fleire naturkvalitetar og brukarkvalitetar, med ei svært viktig gjennomgåande turløype – Nordsjøløypa.

Ved å ivareta viktige delområde med særskilde kvalitetar og sikre funksjonen for andre brukarinteresser vil det vere mogeleg å avgrense konsekvensane av ei omdisponering og utbygging for landskap, natur og friluftsliv. For å få til dette må ynskja kartleggast, kvalitetane vurderast og det må utarbeidast ei samla plan som synleggjer kva omsyn som er prioritert. Ansvar for gjennomføring av kartlegging/registering og utarbeiding av samla utviklingsplan kviler på grunneigarane og utviklarane i området.

Følgjande strategi er lagt til grunn:

- Det skal utarbeidast ei utviklingsplan som gjer hovudavklaringar i forhold til forsvaret sitt behov for areal, utvikling av steinbrotet, vindkraft og etablering av djuvasskai.
- Gjennom arbeidet skal viktige kvalitetar i området vurderast.
- Grunneigarane og utviklarane i området har ansvaret for å gjennomføre registreringar og utarbeide utviklingsplan.



Figur 6.1: Avgrensing av utviklingsområde på Værlandet vest.

7 VIDAREUTVIKLING AV NYE NÆRINGS- OG FRITIDSAREAL

Med etablering av nye nærings- og fritidsareal meiner ein løpande initiativ som blir handsama etter plan- og bygningslova. Eit fellestrekk ved desse prosjekta er at dei ikkje ligg innanfor dei definerte utbyggingsområda. Fleire av desse initiativa treng ikkje å vere i konflikt med andre interesser. Etter § 30 i plan- og bygningslova har kommunen plikt til å handsame planførespurnader og private planforslag. I kommunedelplana er det trekt opp ein strategi for handsaming av desse sakene. Bakgrunnen for strategien, er å kunne gje kvar einskilt sak ei grundigare handsaming enn det ein ville dersom tiltak skulle vore avklart gjennom kommunedelplana. Eksempel på slike oppdrukkande prosjekt kan vere reiselivs- og fritidsprosjekt på Værlandet og Bulandet.

Følgjande planstrategi skal leggjast til grunn for denne typen saker:

- Kvar sak skal vurderast særskilt i forhold til næringspotensialet og konflikt med andre interesser som grunnlag for politiske vurdering av om kommunen vil frenje plan.
- Private forslagsstillarar må ta førehandskontakt med kommunen før dei set i gang med planlegging, for å sikre ei føreseieleg handsaming
- Forslagsstillar skal etter førehandskontakten med kommunen utarbeide eit program for planarbeidet.

Programmet skal i naudsynt grad omfate:

- Kort skildring av utviklingsiltaket (mål/intensjon, kva tiltaket omfattar, forventna utbyggingsstakt)
- Kartutsnitt som viser område som vert omfatta.
- Skildring av planstatus i området (kommuneplan, reguleringsplan, andre relevante føringar og rettingsliner).
- Kort skildring av området og om utviklingsiltaket vil vere i konflikt eller ha vesentlege konsekvensar for andre interesser.
- Klargjering av korleis planarbeidet blir gjennomført, og om det vil bli gjennomført utgreiingar av særskilde tema
- Forventa framdriftsplan.

Handsaming:

- Kommunen vil legge programmet/førespurnaden fram for politisk handsaming i planutvalet som tek stilling til om kommunen vil frenje ein plan for området. Dersom det rører ved regionale interesser skal programmet/førespurnaden sendast fylkeskommunen og statlege fagmynde til førehandsuttale, før handsaming i planutvalet.
- Kommunen føreset at forslagsstillar gjennomfører utgreiingar som ein del av planarbeidet. Dersom saka kjem inn under føresegnene om konsekvensutgreiingar skal desse reglane følgjast.

8 KONSEKVEN SAR

Det ligg ikkje føre noko fagrettleiar for klargjering av konsekvensar av kommunepolar.

Utgangspunktet for vurdering av verknadene er dagens situasjon, dvs. noverande planavklart og faktisk arealbruk. I konsekvensutgreininga er overordna verknader vurdert. Spørsmål/vurderingar som naturleg høyrer heime på eit seinare plannivå, for eksempel ved utarbeiding av reguleringsplan, er ikkje teke med i konsekvensutgreininga av den endra arealbruken i kommunedelplanane.

Gjennom vurderinga er det teke utgangspunkt i framgangsmåten som ein finn i Statens vegvesen si Handbok 140, men tilpassa plannivået og utfordringane innanfor planområdet. Det er i konsekvensvurderinga nytta ein ni-delt skala for rangering av konsekvensane, frå "meget stor positive konsekvens" (++++), via "ubetydlege konsekvensar" (0), og til "meget store negative konsekvensar" (----). Vurdering av konsekvensnivå er gjort ut frå den verdien eit gitt utredningstema (for eksempel om område Bulandet har stor verdi for friluftsliv), og omfanget av påverkinga den framtidige arealbruken gjev for det aktuelle temaet. Stor positiv verdivurdering av eit område, saman med stort negativt omfang av påverking, gjev store negative konsekvens. Tilsvarande gjev det liten eller ubetydeleg konsekvens dersom eit område er vurdert å ha liten verdi innanfor eit gitt tema, og omfanget av påverkinga innanfor dette temaet er lite.

	Vurdering i forhold til virkningstema		
	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Stort positivt omfang	Middels positiv konsekvens (++)	Stor positiv konsekvens (+++)	Meget stor positiv konsekvens (++++)
Middels positivt omfang	Lite positiv konsekvens (+)	Middels positiv konsekvens (++)	Middel til stor positiv konsekvens (+++/+++)
Lite omfang	Ubetydeleg konsekvens (0)	Ubetydeleg konsekvens (0)	Lite eller ubetydeleg konsekvens (-/0)
Middels negativt omfang	Lite negativ konsekvens (-)	Middels negativ konsekvens (-)	Middels til stor negativ konsekvens (-/-)
Stort negativt omfang	Middels negativ konsekvens (-)	Stor negativ konsekvens (-)	Meget store negative konsekvens (----)

Figur 8.1: Hovudtrekk i vurderinga av konsekvensar.

Innleiingsvis under kvart utredningstema er det gjort greie for kva som er lagt til grunn for vurderinga. I tillegg er det på bakgrunn av den politiske drøftinga teke inn nokre politiske føringar, men desse er ikkje vektlagt ved vurderinga av konsekvensane.

8.1 Utbyggingsmønster

Det ligg føre fleire Stortingsmeldingar som peikar på at eit godt utbyggingsmønster er kjenneteikna ved samlokalisering og arealøkonomisering. Dette er òg det grunnleggjande prinsippet i rikspolitiske retninglinjene for samordna areal og transportplanlegging. Samtidig opnar St. meld. nr. 21 (2005 – 2006) *Hjartet for heile landet* for ein noko meir differensiert arealpolitikk, der det går fram at "ein meir differensiert arealpolitikk kan gjere det lettare for distriktkommunar å leggje ut store attraktive bustadområde og relativt spreidd bustadbygging i område med lite utbyggingspress eller å leggje ut område for til dømes rural reiselivsnæring".

Byggeforbodet langs sjø i "ny" plan- og byggingslov er vidareført utan noko vesentleg skjerpning, men det generelle forbodet kan fråvikast gjennom planar. Føresetnaden er at det i arealplan er fastsett byggegrense i område der det er opna for utbygging. Bakgrunnen er at det i store delar av landet er busetnad og næringsliv knytt til strandsona, og det generelle byggeforbodet skal ikkje vere til hinder for ei berekraftig lokal utvikling.

I den regionale utbyggingspolitikken er målet å utvikle stader for å oppretthalde busetnaden og utvikle nye arbeidsplassar. Samtidig er det understreka at bygdene skal oppretthaldast og vidareutviklast. Strategien er å samlokalisere inngrep slik at ein får klare grenser mellom utbygde område og omlandet, samtidig som ein tar vare på og vidareutviklar landskaps-, natur- og kulturkvalitetane.

På bakgrunn av arbeidet med "Tenketanken" har fylkestinget prioritert ei rekkje tiltak som skal følgjast opp. Eit sentralt tema som ein lokalt i Askvoll er opptekne av er bygging i 100-metersbeltet.

Planframlegget bygger vidare på det etablerte utbyggingsmønsteret med den største konsentrasjonen kring Hamna i Værlandet og tilrettelegging for ei vidareføring av det spreidd utbyggingsmønster frå ferjekaia og nordover til Hamna. Det spreidd utbyggingsmønsteret på Kalvøyna og Landøyna er også vidareført. Innanfor byggeområda i Hamna og LNF-områda for spreidd utbygging er det lagt opp til ei funksjonsblanding. Funksjonsblandinga vidarefører det samansette utbyggingsmønsteret som er etablert.

I Værlandet er det lagt ut tre områder for fritidsbyggelse. Desse områda er, som dei øvrige områda der det er lagt til rette for utbygging, lokalisert ned mot og i strandlina. Dei avsette areala opnar for inngrep i område som ikkje er og/eller i liten grad er prega av tekniske inngrep.

Kommunedelplan for Bulandet - Værlandet

I Melvær er det lagt ut eit nytt område for spreidd utbygging (LNF-BE4) sør for fylkesvegen. Området er lokalisert aust for landbruksområde. Utbygging vil endre området sin karakter. Bakgrunnen er at området er ope og sårbart for inngrep. Graden av endring vil avhenge av korleis utbyggingspotensialet blir utnytta.

Nord på Bjørnøyna er det sett av eit areal for spreidd utbygging (LNF-BE10). Innanfor området er det ikkje opna for oppføring av nye bygg, men utviding av eksisterande.

I Bulandet er det sett av både byggeområde og LNF-område for spreidd utbygging. Områda som har den største konsentrasjonen og/eller den tyngste busetnaden er sett av som byggeområde. Dette omfattar areal på Hillersøy, Kjempeneset, Nikøy, Halsøyna og deler av Gjelsa og Fedøy. Dei delvis utbygde områda i randsona er lagt ut som LNF-område for spreidd utbygging. På Taska og Søre Gjørøy er det foreslått framtidig byggeområde. I tillegg er fleire av dei øvrige områda utvida i forhold til dei delane som har karakter av å vere delvis utbygde. Den største utvidinga er foreslått på Fedøy.

Ved Søre Gjørøy er det opna for å etablere ei ny hamn med eit tilhøyrande nærings/industriområde og eit bustadområde.

Omdisponering av arealet ved og på Søre Gjørøy og Taska, samt etablering av området for fritidsbebyggelse representerar den største endringa av det etablerte utbyggingmønsteret i Bulandet.

I Bulandet er det som på Værlandet opna for ei funksjonsblanding både innanfor byggeområda og LNF-områda for spreidd utbygging. Denne funksjonsblandinga vil truleg ha dei same virkningane på Bulandet som på Værlandet.

Utbyggingmogleghetene på Sandøyna er avgrensa til områda med bygg. Omfanget, dvs. talet på nye bygg som kan førast opp er avgrensa og formalet femnar om bustad og erverv.

På Alden er det ikkje lagt til rette for utbygging.

Veksten har vore avgrensa pga. mangel på utbyggingareal. Arealstatistikken og omfanget det er opna for innanfor LNF-områda for spreidd utbygging viser at det er eit relativt stort utbyggingspotensiale. Truleg opnar plana for eit stort utbyggingspotensiale samanlikna med vekstpotensialet og veksten dei seinare åra. Dette gjeld spesielt for Bulandet. Bakgrunnen er eit ynskje om at plana skal

stimulere til tilbakeflytting og utbygging. Å sikre/styrke busetnaden og næringsutviklinga er det viktigaste formalet med plana. Det relativt store utbyggingspotensialet saman med andre politiske virkemiddel vil truleg kunne vere virkemiddel for å stimulere til ei lokalt ynskt samfunnsutvikling. Denne samfunnsmessige virkninga er ikkje vektlagt ved vurdering av plana sine verknader i forhold til utbyggingmønster.

	Bebyggelse	Industri	Fritidsbeb.	Reiseliv	LNF-SB
Bulandet	482 daa	21 daa	83 daa	31 daa	14 bustader
Melvær					5 bustader
Værlandet	88 daa	38 daa	192 daa		18 bustader
SUM	570 daa	59 daa	275 daa	31 daa	37 bustader

Figur 8.2: Arealstatistikk over noverande og framtidig arealbruk i planframlegget.

Arealbruken byggjer opp om det etablerte utbyggingmønsteret. Samtidig er det opna for eit stort utbyggingspotensiale, og det vil vere uvisse knytt til korleis utbyggingmønsteret vil utvikle seg innanfor rammene i kommunedelplana. Med utgangspunkt i det store utbyggingssomfanget og den spreidde lokaliseringa av områda for fritidsbygg, er konsekvensane vurdert som **middels negative** (–).

8.2 Naturverdilar

Temaet omfattar naturtypar og artsførekomstar som har innverknad for dyr og planter sitt livsgrunnlag.

Måla for forvaltning av det biologiske mangfaldet er nedfelt i bl.a. St. meld nr. 42 (2000 – 2001) *Biologiske mangfold* og St. meld. nr. 26 (2006 – 2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Gjennom sistnemnde stortingsmelding er det klarlagt at naturen skal forvaltas slik at artar som finst i naturen skal sikrast levedyktige bestandar. Variasjon av naturtypar skal takast vare på.

8.2.1 Sandøyna

Sandøyna er den største av dei ytterste øyane i Bulandet. Den flataste delen av øya ligg i sør. På denne delen er det ført opp bygg og kring bygga er det slotteengar. I utkanten av slotteengane er øya lyngkledd. Beitebakken er urterik. Kystblåstjerne er talrik på øya, og øya er ein svært viktig lokalitet for kystblåstjerne.

Området med bygg er sett av som LNF-område for spreidd utbygging, der det kan førast opp 2 nye bustader. I tillegg opnar plana for utviding av eksisterande bustader, samt utvikling av erverv (næringsverksemdar). Det ligg ikkje føre konkrete planar om oppføring av bygg, men det må ut frå ramma i plana leggast til grunn at omfanget vil vere avgrensa og at området sine naturkvalitetar ikkje blir rørt i vesentleg grad ved gjennomføring av tiltak.

Området har stor verdi som vekstområde for spesielt kystblåstjerne. LNF-område er avgrensa til det området som er påverka av tiltak, og omfanget av endringane som plana opnar for er lite. Med eit lite omfang og areal med stor verdi, er endringane vurdert til å ha **lite eller ubetydeleg** konsekvensar (-/0).

Avbøtande tiltak



Omfanget som plana opnar for er avgrensa, og det er ikkje naudsynt med avbøtande tiltak ut over dei lokaliseringskriteria som er innarbeidd i planføresegnene.

8.2.2 Bulandet

Heile Bulandet er registrert i EDNA. Verdiane er knytt til overvintringsområde for våtmarksfugl og botaniske førekomstar. Kystblåstjerne er registrert på store delar av Bulandet med mange lokalitetar. Verdien som vekststad varierar i dei ulike områda frå liten til stor. Ut frå klassifiseringssystemet til DN skal lokalitetane av kystblåstjerne klassifiserast som svært viktig. Dette gjeld uavhengig av vurderinga av lokaliteten som vekststad.

Det meste av areala med stor verdi som vekststad for kystblåstjerne er sett av som LNF-område i plana.

Både innanfor LNF-område for spreidd utbygging og i byggeområde er det registrerte naturkvalitetar. I LNF-områda for spreidd utbygging er det innarbeidd lokaliseringføresegnar som bl.a. klargjer at det ikkje kan førast opp bygg på prioriterte førekomstar for kystblåstjerne. Dei prioriterte førekomstane er avgrensa til areal med stor verdi som vekststad for



Figur 8.3: Utsnitt av kommuneplankartet øyst, samanstillingsskart av naturverdiar nede til venstre og registrerte lokalitetar med kystblåstjerne ned til høgre. Teiknforklaring går fram av dei respektive karta på side 15 og 17.

I dei noverande byggeområda er det ikkje krav om reguleringsplan før oppføring av nye og utviding av noverande bustader. Lokaliseringkriteria i plana avgrensar ikkje utbygginga i forhold til naturverdiar i desse områda. Plankravet og lokaliseringkriteria i forhold til naturverdiar er avgrensa til dei framtidige byggeområda.

Konsekvensane er at plana opnar for utbygging i område med kvalitetar av nasjonal verdi innanfor noverande byggeområde. I LNF-områda for spreidd utbygging og framtidige byggeområde føreset plana at det blir teke vare på naturkvalitetar av nasjonalverdi der arealet har stor verdi som vekststad, medan den opnar for utbygging i område med liten og middels verdi som vekststad.

Det meste av dei omdisponerte områda er allereie prega av utbygging. Dei registrerte kvalitetane innanfor og i tilknytning til områda som er foreslått opna for utbygging har stor verdi som følgje av førekommstane av kystblåstjerne. Omfanget av endringane er vurdert til middels negative. Endringane er samla vurdert til å ha **middels til store negative konsekvensar** (---).

Avbøtande tiltak

Innanfor fleire av utbyggingsområda og LNF-områda er det registrert naturkvalitetar og spesielt kystblåstjerne. Blåstjerne er avhengig av naturenger som blir skjøtta enten i form av slått eller beite for å overleve i eit langsiktig perspektiv.

Alternative avbøtande tiltak er :

- krav om reguleringsplan for å sikre samlokalisering i område som blir prioritert til utbygging i kombinasjon med aktive virkemiddel for å ta vare på område med naturverdiar, eller
- lokaliseringkriterium som set rammer for kor det kan gjennomførast tiltak i både noverande og framtidige byggeområde og LNF-område for spreidd utbygging i kombinasjon med aktive virkemiddel for å ta vare på område med naturverdiar.

Dei aktive tiltaka vil ikkje vere knytt til tiltak som kan styrast i plan, men tiltak for å ta vare på områder som ikkje blir bygd ned gjennom t.d. beiting og slått.

Program for miljøoppfølging i utbyggingsfasen kan vere aktuelt dersom det skal gjennomførast større tiltak i og/eller i tilknytning til område med naturkvalitetar av nasjonal verdi. Miljøoppfølgingsprogram bør vere knytt til tiltak for å avbøte ulempe av utbygging og ulempe i utbyggingsfasen som t.d. sprenging, forandring av grunntilhøva og forureining.

8.2.3 Melvær

Sør for fylkesvegen som kryssar Melvær er det registrert ei terrengdekkande haugmyr. Lokaliteten er forringa som følgje av grøfting/torvstikking og etablering av fylkesvegen i nord og oppdyrking i vest.

Området for spreidd utbygging på Melvær er i si heilheit lokalisert innanfor området med den registrerte terrengdekkande haugmyr. I plana er det opna for oppføring av 5 bustader. Ved sida av bustadbygging opnar plana for næringsetablering. Lokalisering og etablering av næringsverksemd(er) skal planavklarast gjennom utbyggingsplan. Det er uvisse knytt til om det blir etablert næringsverksemd, type og omfanget.

På Bjørnøya opnar plana for utviding av eksisterande bustad(er), men ikkje oppføring av nye.

Området er prega av inngrep, og areala er vurdert til å ha middels verdi. I plana er det opna for ei avgrensa utbygging, og utbygging vil truleg ha eit lite omfang. Med eit lite omfang og areal med middels verdi, er endringane vurdert til å ha **ubetydelege konsekvensar** (0).

Avbøtande tiltak

Omfanget plana opnar for er avgrensa, og det er ikkje naudsynt med avbøtande tiltak ut over dei lokaliseringkriteria som ligg i planføresegnene.

8.2.4 Værlandet

Langs kysten frå Sørværnet til og med Landøyna er det registrert ei rekke lokalitetar med ulike naturkvalitetar som bl.a. omfattar kystblåstjerne, gulfovokssopp og bronseraudskivesopp. Lokalitetane med Kystblåstjerne er vurdert til ha middels verdi som vekststad, men etter klassifiseringssystemet til DN blir lokalitetane klassifisert som svært viktig.

Innanfor området er det lagt ut både byggeområde og LNF-område for spreidd utbygging. I LNF-områda for spreidd utbygging er det lagt inn lokaliseringkriterium som inneber at det ikkje kan gjennomførast tiltak på lokalitetar som er registrert med prioriterte naturkvalitetar. Dette avgrensar konsekvensane.

Vekstpotensialet er truleg avgrensa, og det må kunne legges til grunn at omfanget av endringar vil variere frå lite i LNF-områda for spreidd utbygging til middels i byggeområda.

Det meste av dei omdisponerte områda er allereie prega av utbygging. Dei ulike områda har ulike verdi, og varierar frå liten, via middels til stor verdi. Areal med raudlistearter(ar) har stor verdi, medan samanhengande kystsoner utan vesentlege spor etter tekniske inngrep er gjeve middels verdi. Omfanget av endringane er vurdert til å variere mellom lite negative til middels negative, og endringane er samla vurdert til å ha **middels negative konsekvensar** (--).

Avbøtande tiltak


Det mest effektive er å ta ut deler av LNF-områda for spreidd utbygging og byggeområde som er lokalisert innanfor område med naturkvalitetar. Alternativet er å samlokalisere inngrep innanfor byggeområde ved utarbeiding av reguleringsplan til areal utanfor område med registrerte naturkvalitetar.

8.3 Kulturverdiar

Kulturminnelova av 9. juli 1978 definerar kulturminne som alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det er knytt historiske hendingar til, tru eller tradisjon. Kulturminne frå før 1537 (1649 for byggverk) er automatisk freda. I tillegg er myntar frå før 1650 og skipsfunn eldre enn 100 år automatisk freda. Kulturmiljø er område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskapleg samanheng.

Kulturlandskap er eit landskap som er prega av menneskeleg bruk og verksemd.

I *Fylkesdelplana for arealbruk* er det overordna målet for kulturminne og kulturlandskap at ein "sikrar ei berekraftig utvikling og vernar kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida". I retninglinjene til plana er fokuset retta mot tidleg dokumentasjon i planprossar og strategisk bruk av virkemiddel for å ta vare på og integrere minna i landskapet og dei overordna grøntstrukturane.



Figur 8.4: Utsnitt av kommunelankartet øyst, samansettingskart av naturverdiar nede til venstre og registrerte lokalitetar med kystblåsjerne ned til høgre. Teiknforklaring går fram av dei respektive karta på side 15 og 17.

8.3.1 Sandøyana

Sandøyana er den største av dei ytterste øyane. Øya er kupert med fyr på høgste "kulen". Bygningsmassen er konsentrert på den sørlege delen av øya. Samla står det mellom 20 og 25 bygg i ei klynge. Bygningsmassen er samansett og består av hovudsakleg eldre bygg og nokre nye bustader.

Det ligg ikkje føre informasjon om at det er gjennomført registreringar av automatisk freda kulturminne på Sandøyana, men den eldre bygningsmassen er registrert i SEFRAK-registreringa. 5 av bygga er registrert, og registreringa femnar om 3 bustader, ei sjøbu og ein driftsbygning.

Miljøet består av gardsbruk som har hatt nær tilknytning til utøving av fiske. Det er godt markert i terrenget og inngår i eit miljø med noko tidsdjupn. Området er vurdert til å ha middels verdi som kulturlandskapsområde. Plana opnar for eit lite lite negativt omfang av endringar. Med eit lite negativt omfang og areal med middels verdi, er endringane vurdert til å ha **ubetydeleg** konsekvens (0).

Avbøtande tiltak

Før utbygging må det avklarast med kulturminnestyresmaktene om det er behov for gjennomføring av registreringar av kulturminne i samsvar med registreringsplikta i kulturminnelova.

8.3.2 Bulandet

Det er i Bulandet busetnad på ei rekke øyar. Førsetnaden for busetnaden var gode hammemoglegheiter og fiske. Den gamle handels- og gjestgjevarstaden på Kjempeneset er det lite att av.

Gjennom SEFRAK-registreringa er det registrert ei rekkje eldre bygg. Dei registrerte bygga er hovudsakleg lokalisert på Gjelsa. Halsøyana, Nikøy, Gjøløyana og Kjempeneset. Registreringane femnar om bustader, sjøbuer, løter, uteløer, fjøs og noteheng. Arkitektoniske verdiar og verdiar ved bygningsmiljøet er ikkje registrert.

Sjøområda er ein del av eit marinarkologisk område, der potensialet for kulturminne i sjøen er større enn i andre område.

Kulturlandskapet er sereige og typisk for regionen. Desse kvalitetane er med å gjer området identitet. Området har eit storslått og særprega kulturlandskap med særleg

opplevingsverdiar, noko som naturkvalitetane ytterlegare forsterkar. Det opne, låge og vegetasjonsfattige øylandskapet er sårbart for inngrep. På ein del av øyane står bygga i silhuett mot havet. Grunna dårleg fe er det på fleire av øyane planta barskg gjennom leplantingsprosjektet.

Det er uvisse knytt til omfanget av endringar innanfor byggeområda i Bulandet. Uvisse er knytt til både kva, kor mykje og kor framtidige tiltak blir gjennomført. I LNF-områda for spreidd utbygging er omfanget av framtidig bustadbygging avklart. Uvisse i LNF-område for spreidd utbygging er knytt til om, kor og kva type verksemdar som blir etablert.

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne. Området er vurdert til å ha middels til stor verdi som kulturlandskapsområde. Endringane plana opnar for er vurdert til å ha eit middels negativt omfang for kulturkvalitetane. Med eit middels negativt omfang og areal med middels verdi, er endringane vurdert til å ha **middels negative** konsekvensar (--).

Avbøtande tiltak

Før utbygging må det avklarast med kulturminnestyresmaktene om det er behov for gjennomføring av registreringar av kulturminne i samsvar med registreringsplikta i kulturminnelova.

Krav om plan i dei noverande byggeområda er det mest aktuelle avbøtande tiltaket for å vurdere nærare dei kulturlandskapsmessige verknadene innanfor byggeområda før gjennomføring av tiltak.

8.3.3 Melvær

Det ligg ikkje føre registreringar av verken automatisk freda kulturminne eller SEFRAK-bygg innanfor LNF-områda for spreidd utbygging i Melvær og Bjørnøya. Utbygging kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne og kulturmiljø. Ein er ikkje kjend med at det er gjennomført registreringar av automatisk freda kulturminne i området. Det har vore aktivitet i området, og det kan difor ikkje utelukast at det kan vere potensiale for funn av kulturminne.

Området er ut frå dei opplysningane som ligg føre vurdert til å ha liten verdi for kulturminne og kulturmiljø, og endringane er vurdert til å ha eit lite omfang. Med eit lite omfang og areal med liten verdi for kulturminne og kulturmiljø, er endringane vurdert til å ha **ubetydelege** konsekvensar (0).

Avbøtande tiltak

Før utbygging må det avklarast med kulturminnestyresmaktene om det er behov for gjennomføring av registreringar av kulturminne i samsvar med registreringsplikta i kulturminnelova.

8.3.4 Værlandet

Hovudtyngda av bygg er lokalisert til Hamna, Nybø, Landøyyna og Kalvøyyna. Den største konsentrasjonen av bygg finn ein i Hamna. I Hamna er det eit eldre bygningsmiljø med særpreg, og det er der ein finn den største konsentrasjonen av SEFRAK-bygg.

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i Værlandet. Verdiane er i stor grad knytt til kulturlandskapet og den identitetsskapande verdien av bygningsmiljøet i Hamna, samt dei landskapsmessige kvalitetane med bygga som ein del av kulturlandskapet.

På same måte som i Bulandet er det i Værlandet knytt uvisse til omfanget av endringane innanfor byggeområda, men det prioriterte kulturlandskapet i Hamna er føresett tatt vare på. I LNF-områda for spreidd utbygging er omfanget av endringane knytt til vidare bustadbygging avklart.

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne, men spesielt det eldre bygningsmiljøet som består av sjøhus og naust i Hamna har verdi.

Hamna er vurdert til å ha stor verdi som kulturlandskapsområde, medan verdien innanfor dei andre delområda varierar frå liten til middels. Endringane plana opnar for er vurdert til å variere mellom lite til middels positivt omfang for kulturkvalitetane som følgje av at ein gjennom plana søker å ta vare på kvalitetane i Hamna. Med eit lite til middels positivt omfang og areal med middels verdi, er endringane vurdert til å ha **middels positive** konsekvensar (++).

Avbøtande tiltak

Før utbygging må det avklarast med kulturminnestyresmaktene om det er behov for gjennomføring av registreringar av kulturminne i samsvar med registreringsplikta i kulturminnelova.

8.4 Friluftsverdiar

I St. meld. nr. 39 (2000 – 2001) *Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet* er målet at alle skal ha moglegheit til å drive med friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen. Område av verdi for friluftslivet skal sikrast, slik at det fremjar miljøvenleg ferdsel, opphald, hausting og at naturgrunnlaget blir teke vare på. Ved bustader, skular og barnehagar skal det være god tilgjenge til trygg ferdsel, leik og anna aktivitet i ein variert og samanhengande grøntstruktur med forbindelsar til omkringliggjande naturområde.

Grøntstrukturar er ein overordna struktur på lik linje med vegar og bebyggelse. Grøntstrukturen er veven av store og små vegetasjonsdekte områder som gjennomtrenger dei utbygde og delvis utbygde områda. Strukturen kan vere meir eller mindre samanhengande og bestå av ulike arealtypar. Alt areal som er dekt av vegetasjon inngår i omgrepet grøntstrukturar. Private hagar, idrettsanlegg og naturmark er arealtypar som utgjer ein viktig del av grøntstrukturen. Grøntstrukturen representerer viktige verdiar og har funksjon som t.d. spreingskorridor for plantar og dyr og grøn transportåre.

I *Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet*, er hovudmålet at alle i Sogn og Fjordane skal ha moglegheit til å bli stimulert til å drive med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i nærmiljøet etter egne ynskje, behov og føresetnader. Fokuset skal vere retta mot lavterskeltilbod som innbyr til fysisk aktivitet utan krav til den enkelte om fysisk tilstand, utstyr eller økonomiske evene.

8.4.1 Sandøyyna

Innanfor området er det ført opp ei rekke bustader på gardsbruka. Plana opnar for ei forsiktig utbygging på land. Ved utbygging er det ein føresetnad at den overordna karakteren til området ikkje blir endra. Det ligg ikkje føre opplysningar om bruken, men arealet utanfor området er attraktivt og blir brukt til sjøfriluftsliv. Identiteten er knytt til øya si lokalisering ytterst i skjergarden, kulturlandskapet/ landskapsbildet og naturkvalitetane.

Området er vurdert til å ha middels verdi for friluftsliv noko som i fyrste rekke er knytt til sjøfriluftsliv, naturkvalitetane og landskapsbildet. Endringane plana opnar for er vurdert til å ha eit lite omfang. Med eit lite omfang og areal med middels verdi for friluftsliv, er endringane vurdert til å ha **ubetydeleg** konsekvens (0).

Avbøtande tiltak

Omfanget plana opnar for er avgrensa, og det er ikkje naudsynt med avbøtande tiltak.

8.4.2 Bulandet

Landskapet er typisk for regionen, rikt på natur og kulturkvalitetar, kontakt og inntryksrikt med oppdelte småskalaverknader i skjerma og småkuperte område, og utprega storskalaverknad i opne område ut mot havet.

Det er busetnad på om lag 15 øyar. Dei fleste områda framstår som spreidd utbygd. Dei delvis utbygde områda har eit "grønt" preg som samla framstår som ein meir eller mindre samanhengande grøntstruktur. Grøntstrukturen på dei ulike øyane er bunden saman av vegane, men broten opp av sjøområda.

Dei viktigaste og mest brukte friluftskvalitetane som badeplassar, turstigar, høgdedrag og utsiktspunkt er lokalisert innanfor LNF-område. I tillegg er sjøområda viktig friluftsområde.

Utbyggingsområde og LNF-område for spreidd utbygging femnar om areal i strandlinja. Utbygging kan difor påverke tilgjenge til sjøen. Verknadene vil vere avhenging av i kva grad ein tar omsyn til tilgjenge til sjøen og grøntstrukturen på land ved utbygging.

Nordsjøløypa følgjer vegsystema til endepunkta på utsiktspunkta på høvesvis Hillersøyna og Halsøyna. Plana får ikkje verknader i forhold til Nordsjøløypa.

Utbygging kan påverke bruksmoglegheitene, området sin attraktivitet, landskapet si identitetsskapande betydning og friluftslivsmoglegheitene, dersom det ikkje blir teke særskilt omsyn til ved utbygging. På den andre sida er det sannsynlege vekstpotensialet avgrensa, noko som vil redusere risikoen for dei negative verknadene for området som eit spesielt friluftsområde.

Området er vurdert til å ha middels til stor verdi for friluftsliv noko som i fyrste rekke er knytt til sjøfriluftsliv, naturkvalitetane og landskapsbildet. Endringane plana opnar for er vurdert til å ha eit middels negativt omfang. Med eit middels negativt omfang og areal med middels til stor verdi for friluftsliv, er endringane vurdert til å ha **middels til stor negativt** konsekvens (---).

Avbøtande tiltak

Krav om reguleringsplan både i noverande og framtidige byggeområde der utvikling innanfor reguleringsområdet blir sett saman med friluftskvalitetane og overordna strukturar samt tilgjenge til sjø. Gjennom regulering bør det føresetast at spørsmål og problemstillingar knytt til friluftsliv, dvs. sikre og/eller opparbeide turvegar, nærteikkområde, turstigar og tilgjenge til sjøen blir ivarsteke og løyst.

8.4.3 Melvær

Områda på Melvær og Bjørnøya har busetnad som er knytt til nokre buplassar/gardsbruk. Areal er oppe og vil få karakter av å vere spreidd utbygd. Den prioriterte turløypa, Nordsjøløypa, følgjer fylkesvegen over Melvær. Nord for fylkesvegen på den nordaustre delen av Melvær er det planar om etablering av ein sti som går ut til nordspissen av Melvær. Innanfor LNF-området på Melvær er det ikkje registrert spesielle friluftskvalitetar ut over den meir generelle verdien som natur og kulturlandskapet har. LNF-området for spreidd utbygging på Bjørnøya femnar i tillegg om strandlinja, og ein er avhenging av båt for å komme ut til området. Det ligg ikkje føre opplysningar om bruken, og kva betydning området har som friluftsområde for innbyggjarane og tilreisande.

I området er det få bustader. Dei identitetsskapande elementa er knytt til det overordna landskapsbildet. Viktigaste områda for friluftsliv er Nordsjøløypa, areala nordaust for fylkesvegen og sjøområda. Dei framtidige LNF-områda for spreidd utbygging er vurdert til å ha liten verdi for friluftsliv. Utbygd skal området ha ein spreidd karakter. Utbygging vil truleg i liten grad påverke bruksmoglegheitene, området sin attraktivitet og identitetsskapande betydning. Trafikken på fylkesvegen er avgrensa, og vegen vil difor ikkje framstå som barriere for ferdsel. Endringane vil sannsynlegvis ha eit lite negativt omfang for friluftsliv.

Området er vurdert til å ha liten verdi for friluftsliv ut frå ei vurdering av areala og bruken, og omfanget av endringane er vurdert til å ha eit lite omfang. Med eit lite omfang og areal med liten verdi for friluftsliv, er endringane vurdert til å ha **ubetydelege** konsekvensar (0).

Avbøtande tiltak



Omfanget plana opnar for er avgrensa, og det er ikkje naudsynt med avbøtande tiltak.

8.4.4 Værlandet

Busetnaden er lokalisert til strekka Nybø - Hamna samt Kalvøyna og Landøyna. I Fylkesmannen sitt register for eigna friluftsområde, FRIDA, er det registrert eit område som femnar om arealet mellom Kleivavågen, Soknevågen, Båtmannskletten og Høgekleppen. I tillegg er det registrert ei rekke turløyper og barnetråkk innanfor området. Utbyggingsarealet er lokalisert utanfor og /eller inntil område med registrerte friluftskvalitetar.

I Værlandet er det i større grad enn innanfor den øvrige delen av planområdet lagt til rette for friluftsliv på land, gjennom merka gjennomgåande løyper, rundløyper og løyper til utsiktspunkt. I tillegg viser registreringane av barnetråkk at områda på land blir brukt av barn og unge til ulike aktivitetar både sommar og vinter. Sjøen er òg eit viktig rekreasjonsområde.

Dersom ein ser vekk frå utbyggingsområda og LNF-områda for spreidd utbygging langs sjøen er det ikkje registrert vesentlege arealbrukskonfliktar mellom friluftsliv og utbygging.



Figur 8.5: Utsnitt av kommuneplankartet til venstre og oversikt over prioriterte stiar, barnetråkk, friluftsområde og badeplassar på illustrasjonen til høgre.

Området er vurdert til å ha middels verdi for friluftsliv noko som i fyrste rekke er knytt til det opparbeidde stisystemet som i stor grad er samanhengande, sjøfriluftsliv, naturkvalitetane og landskapsbildet. Endringane plana opnar for er vurdert til å ha eit lite omfang for friluftsverdiane. Med eit lite omfang av endringar og areal med middels verdi for friluftsliv, er endringane vurdert til å ha ubetydelege konsekvensar (0).

Avbøtande tiltak

Det er avgrensa arealbruksutfordringar mellom friluftsliv og utbygging, og det er ikkje naudsynt med avbøtande tiltak. Ved utbygging og regulering er det føreset at friluftskvalitetane blir tatt vare på og sikra gjennom vidareutvikling og sikring av turveggar, nærleikeområde og tilgjenge til sjøen.

8.5 Universell utforming

Formålet med universell utforming er å auke alle menneske sin moglegheit for å delta i samfunnet ved å lage produkt, bygge omgjevnader, uteområde m.m. brukbare for flest mogleg. Omgrepet tar utgangspunkt i at alle har redusert framkomme ein eller fleire gangar i livet (barn, småbarnsforeldre, eldre og funksjonshemma). Gjennom universell utforming søker ein å lage hovudløysingar som fungerer for flest mogleg og samtidig unngå at det blir behov for spesialløysingar for ulike grupper.

Det ligg ikkje føre noko regionale mål i forhold til universell utforming. I samsvar med overordna føringar er det lagt til grunn at universell utforming skal være ein premis i planarbeid. I vurderinga er omsynet til universell utforming avgrensa til offentlege bygg og offentlege tilgjengelege bygg, herunder også forretningar.

I planframlegget er det i retninglinene sett krav til universell utforming av alle nye bygg og anlegg som skal vere offentleg tilgjengelege. Krava gjeld også tilhøyrande utomhusareal, og både offentlege og private bygg og anlegg. Det same gjeld for idrettsområde. Det er ikkje sett krav til andel nye bustader som skal vere universelt utforma.

I plana er det ikkje lagt til rette for etablering av gang- og sykkelveggar. Bakgrunnen er at trafikken er vurdert til å vere så avgrensa at det ikkje er behov for å separere trafikken.

Verdien av dei endringane som planframlegget inneber, er vurdert til å vere middels. Med eit antatt middels positivt omfang av endringar, gjer dette **middels positive** konsekvensar (++)

8.6 Helse

Sosial- og helsedepartementet gav i 2003 ut rettleiaren om miljøretta helsevern. Rettleiaren inneheld eit eige kapittel om korleis helse-aspektet kan integrerast i konsekvensutredningar. Av miljøfaktorane som blir trekt fram som viktige for helse er bl.a. støy, forureining, stråling, ulykker, stadkvalitetar, byggeskikk, tekniske infrastruktur, kommunikasjon, sosiale nettverk, aktivitetsmoglegheiter, leik og friluftsliv, tryggleik, arbeidsmarknad, bustadmarknad og tenestetilbod.

Utbygging etter kommunedeleplana kan skape endringar innanfor planområdet som kan få innverknad for innbyggjarane si helse og trivsel. Påvirkninga er usikker og avhenging av fleire forhold som ikkje blir styrt i overordna plan, eller gjennom plan- og bygningslova.

Støy: Trafikkmengda og fartsgrensa på dei offentlege vegane er avgrensa, og støy frå trafikk er ikkje spesielt vurdert. Bakgrunn er at støy ikkje blir sett på som ei vesentleg utfordring innanfor planområdet.

Bumiljø: Omsynet til gode buforhold kan ivaretakast både med høg og lavare arealutnytting. Utbyggingsmønsteret har ein spreidd karakter, noko ein må legge til grunn vil vere trenden framover. På den andre sida avgrensar ikkje plana moglegheitene for høgare arealutnytting dersom det skulle vere ynskjeleg innanfor for utbyggingsområda. Valet i forhold til kor arealintensiv utbygging skal vere påverkar kva kvalitetar som må sikrast/ivaretakast. I tillegg må det spesielt takast omsyn til lokalklimaet for å skjermje område med bustader og sikre gode kvalitetar utomhus.

Det har ikkje vore etterspørsel etter mindre bustader og leilegheiter innanfor planområdet. Det er truleg kombinasjonen av kvalitetane ved det opne og spreidde utbyggingsmønsteret og nærheita til sjøen/havet som blir vurdert som vesentleg ved val av øyværet som buplass.

Grøn infrastruktur: I kommunedeleplana er det ikkje sett av område for grøn infrastruktur. Omsynet er føresett ivareteke i naudsynt grad ved utarbeiding av

reguleringsplan i dei framtidige områda og ved gjennomføring av utbygging. Dei grønne kvalitetane i tilknytning til dei delvis utbygde områda er vurdert, men ikkje systematisk kartlagt. Utbygging vil føre til nedbygging av kvalitetar, men tilgangen til grønne kvalitetar er god og ei nedbygging av grønne områder er vurdert til å ha avgrensa verknad dersom ein sikrar dei prioriterte områda ved skule, barnehage og idrettsanlegga.

Møteplassar: Innanfor planområdet er det etablert ei rekke både formelle og uformell møteplassar spreidd innanfor øyværet. Møteplassane er både innomhus i forsamlingslokala og utomhus i tilknytning til utfartsområda.

Utbygginga kan skape endringar med betydning for befolkninga si helse og trivsel. Det er usikkerheit knytt til årsakssamanhengar og styringsmoglegheiter på overordna plannivå. Truleg vil vekst i folketallet gje moglegheiter for vidareutvikling av den grønne infrastrukturen og kunne vere med å styrkje samfunnslivet. Med utgangspunkt i dette, er endringane vurdert til å ha **lite til middels positiv** konsekvens (+/++).

8.7 Oppsummering av konsekvensar

Konsekvensane av plana varierar innanfor for dei ulike delområda og for dei ulike temaene. Konsekvensane av plana er mest negativ for Bulandet, noko som skyldast mange registrerte kvalitetar. Konsekvensane for dei øvrige områda er meir avgrensa som følgje av at omfanget av endringane er avgrensa og/eller mindre konflikt med registrerte kvalitetar.

Utbyggingspotensialet i planframlegget er truleg større enn det realistiske vekstpotensialet. Dette gjer seg utslag i at arealbrukskonsekvensane av planframlegget er større enn det som vil vere dei sannsynlege, faktiske konsekvensane av utbygging innanfor planperioden. Det vil difor vere uvisse knytt til dei konkrete og faktiske konsekvensane. I tillegg vil lokalisering av tiltak verke inn på dei faktiske konsekvensane av utbygging. Konsekvensane i denne vurderinga må difor sjåast på som moglege konsekvensar av plana føresett ein vekst som er langt større enn det som er naturleg å forvente dersom ein legg til grunn vekst og utvikling på nivå med eller noko større vekst enn den faktiske veksten dei seinare åra.

Tema	Konsekvens	Naturverdiar – Alden	Ubetydeleg
<p>Utbyggingsmønster</p> <p>Arealbruken byggjer opp om det etablerte utbyggingsmønsteret. Samtidig er det opna for eit stort utbyggingspotensiale, og det vil vere uvisse knytt til korleis utbyggingsmønsteret vil utvikle seg innanfor rammene i kommunedelplana. Med utgangspunkt i det store utbyggingsomfanget og den spreidde lokaliseringa av områda for fritidsbygg, er konsekvensane vurdert som middels negative.</p>	<p>Middels negativ</p>	<p>Arealbruken i vedtekne planar både på land og i sjøen blir vidareført og konsekvensane er vurdert til å vere ubetydelege.</p>	<p>Ubetydeleg</p>
<p>Naturverdiar - Sandøyna</p> <p>Området har stor verdi som vekstområde for spesielt kystblåstjerne. LNF-område er avgrensa til det området som påverka av tiltak, og omfanget av endringane som plana opnar for er lite. Med eit lite omfang og areal med stor verdi, er endringane vurdert til å ha lite eller ubetydeleg konsekvensar.</p>	<p>Lite eller ubetydelege</p>	<p>Kulturverdiar – Sandøyna</p> <p>Miljøet består av gardsbruk som har hatt nær tilknytning til utøving av fiske. Det er godt markert i terrenget og inngår i eit miljø med noko tidsjuvn. Området er vurdert til å ha middels verdi som kulturlandskapsområde. Plana opnar for eit lite negativt omfang av endringar. Med eit lite negativt omfang og areal med middels verdi, er endringane vurdert til å ha ubetydeleg konsekvens.</p>	<p>Ubetydeleg</p>
<p>Naturverdiar – Bulandet</p> <p>Det meste av dei omdisponerte områda er allerede prega av utbygging. Dei registrerte kvalitetane innanfor og i tilknytning til områda som er foreslått opna for utbygging har stor verdi som følge av førekomstane av kystblåstjerne. Omfanget av endringane er vurdert til middels negative. Endringane er samla vurdert til å ha middels til store negative konsekvensar</p>	<p>Middels til store negative</p>	<p>Kulturverdiar – Bulandet</p> <p>Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne, men området har store kulturlandskap og landskapskvalitetar. Området er vurdert til å ha middels til stor verdi som kulturlandskapsområde. Endringane plana opnar for er vurdert til å ha eit middels negativt omfang for kulturkvalitetane. Med eit middels negativt omfang og areal med middels verdi, er endringane vurdert til å ha middels negative konsekvensar.</p>	<p>Middels negativ</p>
<p>Naturverdiar – Melværet</p> <p>Området er prega av inngrep, og areala er vurdert til å ha middels verdi. I plana er det opna for ei avgrensa utbygging, og utbygging vil truleg ha eit lite omfang. Med eit lite omfang og areal med middels verdi, er endringane vurdert til å ha ubetydelege konsekvensar.</p>	<p>Ubetydelege</p>	<p>Kulturverdiar – Melværet</p> <p>Området er vurdert til å ha liten verdi for kulturminne og kulturmiljø, og endringane er vurdert til å ha lite omfang. Med eit lite omfang og areal med liten verdi for kulturminne og kulturmiljø, er endringane vurdert til å ha ubetydelege konsekvensar.</p>	<p>Ubetydeleg</p>
<p>Naturverdiar – Værlandet</p> <p>Det meste av dei omdisponerte områda er allerede prega av utbygging. Dei ulike områda har ulike verdi, og varierar frå liten, via middel til stor verdi. Areal med raudlistear(ar) har stor verdi, medan samanhengande kystsoner utan vesentlege spor etter tekniske inngrep er gjeve middels verdi. Omfanget av endringane er vurdert til å variere mellom lite negative til middels negative, og endringane er vurdert til å ha middels negative konsekvensar.</p>	<p>Middels negative</p>	<p>Kulturverdiar – Værlandet</p> <p>Hamna er vurdert til å ha stor verdi som kulturlandskapsområde, medan verdien innanfor dei andre delområda varierar frå liten til middels. Endringane plana opnar for er vurdert til å variere mellom lite til middels positivt omfang for kulturkvalitetane som følgje av at ein gjennom plana søker å ta vare på kvalitetane i Hamna. Med eit lite til middels positivt omfang og areal med middels verdi, er endringane vurdert til å ha middels positive konsekvensar.</p>	<p>Middels positive</p>

Kommunedelplan for Bulandet - Værlandet

<p>Kulturverdiar – Alden Arealbruken i vedtekte planar både på land og i sjøen blir vidareført og konsekvensane er vurdert til å vere ubetydelege.</p>	<p>Ubetydeleg</p>	<p>Universell utforming Verdien av dei endringane som planframlegget inneber, er vurdert til å vere middels. Med eit antatt middels positivt omfang av endringar, gjer dette middels positive konsekvensar.</p>	<p>Middels positive</p>
<p>Friluftsverdiar – Sandøyna Området er vurdert til å ha middels verdi for friluftsliv noko som i fyrste rekke er knytt til sjøfriluftsliv, naturkvalitetane og landskapsbildet. Endringane plana opnar for er vurdert til å ha eit lite omfang. Med eit lite omfang og areal med middels verdi for friluftsliv, er endringane vurdert til å ha ubetydeleg konsekvens.</p>	<p>Ubetydeleg</p>	<p>Helse Utbygginga kan skape endringar med betydning for befolkninga si helse og trivsel. Det er usikkerheit knytt til årsakssamanhengar og styringsmoglegheiter på overordna plannivå. Truleg vil vekst i folketallet gje moglegheiter for vidareutvikling av den grønne infrastrukturen og kunne vere med å styrkje samfunnslivet. Med utgangspunkt i dette, er endringane vurdert til å ha lite til middels positiv konsekvens.</p>	<p>Lite til middels positiv</p>
<p>Friluftsverdiar – Bulandet Området er vurdert til å ha middels til stor verdi for friluftsliv noko som i fyrste rekke er knytt til sjøfriluftsliv, naturkvalitetane og landskapsbildet. Endringane plana opnar for er vurdert til å ha eit middels negativt omfang. Med eit middels negativt omfang og areal med middels til stor verdi for friluftsliv, er endringane vurdert til å ha middels til stor negativ konsekvens.</p>	<p>Middels til stor negativ</p>		
<p>Friluftsverdiar – Melværet Området er vurdert til å ha liten verdi for friluftsliv ut frå ei vurdering av areala og bruken, og omfanget av endringane er vurdert til å ha eit lite omfang. Med eit lite omfang og areal med liten verdi for friluftsliv, er endringane vurdert til å ha ubetydelege konsekvensar.</p>	<p>Ubetydeleg</p>		
<p>Friluftsverdiar – Værlandet Området er vurdert til å ha middels verdi for friluftsliv noko som i fyrste rekke er knytt til det opparbeidde stusystemet som i stor grad er samanhengande, sjøfriluftsliv, naturkvalitetane og landskapsbildet. Endringane plana opnar for er vurdert til å ha eit lite omfang for friluftsliv. Med eit lite omfang av endringar og areal med middels verdi for friluftsliv, er endringane vurdert til å ha ubetydelege konsekvensar.</p>	<p>Ubetydeleg</p>		
<p>Friluftsverdiar – Alden Arealbruken i vedtekte planar både på land og i sjøen blir vidareført og konsekvensane er vurdert til å vere ubetydelege.</p>	<p>Ubetydeleg</p>		

9 SAMFUNNSIKKERHEIT

Kommunen har som plan- og bygningsmynde ei sjølvstendig plikt til å vurdere om areal er utsett for fare ved utarbeiding av arealplanar, og ved handsaming av søknader om deling og bygging.

Vurderingane skal i naudsynt grad gjerast ved:

- Utarbeiding av kommune(del)plan
- Regulerings- og utbyggingsplan
- Søknader om gjennomføring av tiltak

Potensielle farar bør synleggjerast tidlegast mogleg i planprosessen, og helst ved utarbeiding av overordna planar. Dersom det ikkje i tilstrekkeleg grad er teke omsyn til risiko i planarbeid, pliktar kommunen i samsvar med § 68 i plan- og bygningslova om naudsynt å ikkje gje løyve til gjennomføring av tiltaket.

Dei seinare åra har fokuset på samfunnsikkerheit blitt stadig sterkare. Dette ser ein i ulike offentlege utredningar som for eksempel NOU 2000:2004 *Et sårbart samfunn. Utfordringer for sikkerhets- og beredskapsarbeidet i samfunnet* og St. meld. nr. 17 (2001 – 2002) *Samfunnsikkerhet – Veien til et mindre sårbart samfunn*.

Tilsvarande utvikling ser ein òg i samfunnet generelt, mellom anna gjennom media sitt fokus på samfunnsikkerheit og det offentlege sitt ansvar når det går gale.

Ot.prp. nr 32 (2007 – 2008) *Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) (plandelen)* inneber ei skjerping av krave i forhold til samfunnsikkerheit.

I § 4-3 i plandelen går det fram:

”Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foretar slik analyse.

Analysen skal vise alle risikoer og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbygging, og eventuelle endringer i slike

forhold som følge av planlagt utbygging. Området med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6.


Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbygging i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.

Kongen kan gi forskrift om risiko- og sårbarhetsanalyser.”

Det er utarbeidd ein Norsk Standard for risiko og sårbarhetsanalyser [36], og standarden definerar risiko slik:

”Risiko er uttrykk for den fare som uønska hendelser/tilstander representerer for mennesker, miljø eller materielle verdier. Risikoen uttrykkes ved sannsynligheten for og konsekvensene av de uønskede hendelsene”

Risiko er knytt til uønskete hendingar, dvs. hendingar som i utgangspunktet ikkje skal inntreffe. Det er difor knytt uvisse til både om hendinga inntreff (sannsynleghet) og omfanget (konsekvensen) av hendinga dersom den inntreffe.



Figur 9.1: Dei ulike trinna i ei risiko- og sårbarhetsanalyse.

9.1 Føremål og føresetnader

Analysen har som formål å gje ei brei, overordna, representativ og vedtaksrelevant framstilling av framtidig arealbruk si sårbarheit for ulike hendingar.

Analysen er utarbeidd som ei overordna vurdering av potensielle farar (fareidentifikasjon) og gradering av sårbarheit. Analyseobjektet er areala innanfor kommunedelplana for Bulandet – Værlandet. Arbeidet er basert på kommunen sin samla kunnskap og forståing av situasjonen. Ei skal vere merksam på at det ved utbygging er mogeleg å gjere området sårbart for nye hendingar, så vel som både å auke og redusere allreie eksisterande sårbarheit. Difor må sårbarheit og risiko fortløpande vurderast og analyserast på seinare stadium i plan- og utbyggingsprosessane.

Følgjande føresetnader er lagt til grunn for sårbarheitsvurderinga:

- Analysen er overordna og kvalitativ
- Analysen er avgrensa til temaet samfunnsikkerheit slik det er beskrevet av Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap (dsb).
- Analysen er avgrensa til arealet innfor plangrensa og influensområdet.
- Analysen fokuserer ikkje på dagens situasjon i planområdet, men verknadene av/for framtidig/endra arealbruk.
- Analysen er avgrensa til vurdering av enkeltstående representative uynskte hendingar som kan påverke den planlagde nye/framtidige arealbruken.
- Analysen omfattar ikkje tilisikta (overlagte) hendingar slik som hærverk, sabotasje m.m.

9.2 Framgangsmåte - fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering

Framgangsmåten for fareidentifikasjonen og sårbarheitsvurderinga er basert på hovudprinsippa i NS 5814 *Krav til risikoanalyse*. Avgrensinga inneber at sannsynlegheita, konsekvensen og risikoen for at dei ulike hendingane kan inntruffe ikkje er vurdert. Dette må i naudsynt grad nærmarer vurderast ved utarbeiding av planar og/eller ved søknader om gjennomføring av tiltak.

Med sårbarheit er det meint dei naturlege, stadeigne forhold som gjer at areala i kommunedelplana kan motstå eller avgrense virkningane av uynskte hendingar. Det er gjort ei sårbarheitsvurdering i forhold til dei viktigaste faktorane som

påverkar risiko. Data og erfaringsmateriale som er tilgjengeleg og som har vore grunnlag for å vurdere dei forskjellige faktorane, er av varierende kvalitet og nøyaktigheit.

Fareidentifikasjonen er basert på ROS-sjekklista frå SIGVe-rapporten. I sårbarheitsanalysen er det nytta ei gradering svært robust, robust, nøytralt, sårbart og svært sårbart.

Sårbarheits-kategoriar	Skildring
Svært robust	Eit vidt spekter av hendingar kan inntruffe utan at sikkerheit eller området sin funksjonalitet blir ramma.
Robust	Eit vidt spekter av hendingar kan inntruffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet blir ubetydelig ramma.
Nøytralt	Eit vidt spekter av hendingar kan inntruffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet blir ramma i same grad som andre områder av same standard i Noreg.
Sårbart	For eit vidt spekter av hendingar kan sikkerheit eller området sin funksjonalitet bli ramma slik at fare eller betydeleg ulempe oppstår.
Svært sårbart	For eit vidt spekter av hendingar/tema kan sikkerheit eller området sin funksjonalitet bli ramma i betydeleg grad slik at akutt fare eller tap av vesentlege samfunnsfunksjonar oppstår.

Figur 9.2: Kategoriar for sårbarheit.

9.3 Klima

Klimaet er oseansk med kjølige somrar og milde vintrar. Karakteristisk for kystklimaet og området er at dei ytterste øyane har høgare temperatur, mindre nedbør og større vindstyrke enn lenger aust i kommunen. Normal årsnedbør for perioden 1970 – 2000 var på mellom 2000- 3000 mm, medan normal årstemperatur i lufta var 6 – 8 °C. [51] Februar er den kaldaste månaden med 1 °C, medan juli og august er dei varmaste månadene med temperaturar på 14 °C. Vindretninga er jamt over søraust til sørvest.

9.4 Fareidentifikasjon

9.4.1 Siling av aktuelle hendingar

For å redusere arbeidet og konsentrere sårbarheitsvurderinga om reelle farar har kommunen sila vekk dei uaktuelle farane. Tabellen nedanfor viser vurderingane som er gjort.

Hending	Vurdering
NATURRISIKO Skred/ras/ustabil grunn (Snø, is, stein, leire, jord, fjell)	Planområdet består i vest av mange små låge øyar, men stig innover (austover) og Værlandet har høgare svært karakteristiske, runde kollar. Jordsmønnet er grunt. På/ved Alden er det ikkje lagt til rette for framtidig utbygging. Uaktuelt tema.
Fium i vassdrag	Planområdet består av ei rekke mindre vatn og bekkar. Nedbørsfeltet er små og normalnedbøren avgrensa. Uaktuelt tema.
Stormflo	Planområdet er omkransa av sjø på alle kantar. Lokaliseringa og moglege klimaforandringar gjer temaet aktuelt. Temaet stormflo bør vurderast.
Vind-/ ekstremnedbør	Planområdet er eksponert for vind. Lokaliseringa av området gjer temaet aktuelt. Temaet sterk vind bør vurderast.
Skog-/lyngbrann	Området er i hovudsak nake og oppe, men deler av området er dekt av skog, normalnedbøren er avgrensa og området er eksponert for vind. Temaet skog-/lyngbrann bør vurderast.
Radon	Dei målingane som er gjort gjev ikkje grunnlag for å tru at det er sannsynleg med for høge radonkonsentrasjonar. Uaktuelt tema.
VERKSEMDSRISIKO Fare for brann eller eksplosjon	Det er etablert sprengstofflager. Tankar med diesel, bensin og aceton innanfor området. Temaet bør vurderast.
Fare for kjemikalieutslipp eller anna akutt forureining	Kjøleanlegg med ammoniakk er etablert. Temaet bør vurderast.
Farleg gods	Avgrensa mengde med drivstoff blir transportert både på veg, medan større mengder blir transportert på sjø. Temaet er omtalt under dei to ovannemnde punkta og undr punktet sjøfart. Uaktuelt tema.
Avfallsområde/deponi Forureina grunn	Det er ikkje avfallsområde/deponi innanfor området. Forureina grunn er ikkje registrert, men temaet er kort omtalt under punktet <i>Verkemder med fare for brann og eksplosjon</i> . Uaktuelt tema.
Dambrosberekningar	Det er etablert ein dam på Langøy. Plana opna ikkje for utbygging på øya med dammen. Uaktuelt tema.
Elektromagnetiske felt	Spenninga på "høgspennlinja" er lav. Den representerer ikkje helsefare, føreset at det blir teke omsyn til linja/fareområdet ved utbygging. Uaktuelt tema.
Trafikkfare	Det har skjedd trafikkulykke med personskaade. Temaet bør vurderast.

Som bakteppe for sårbarheitsvurderinga er det henta informasjon frå klimascenarier på senorge.no [51]. Klimascenarier er framskrivingar av klimaet i framtida basert på valte føresetnader om korleis utslepp av klimagassar og partiklar i atmosfæren vil utvikle seg i dei kommande åra.

Resultata som er presentert viser at temperaturen er venta å auke med mellom 2,0 og 2,4 grader frå normalperioden 1961 – 1990 til perioden 2071 – 2100. Datane som ligg føre klargjer ikkje om det vil kunne ventast variasjonar i normal månadstemperatur. Regionale klimamodellar viser for Vestlandet at det særleg er haust og vintertemperaturen som er antatt å stige.

Nedbørsframskrivinga som er tilgjengeleg på senorge.no, har berre tal for endring i årsnedbør. Desse opplysningane er av relativt liten interesse med tanke på verknadene for naturskade, ettersom årstidsvariasjonane er avgjerande for korleis skadesituasjonen vil arte seg. Studie av korleis nedbøren er venta å endre seg månad for månad ville gje eit langt betre utgangspunkt for å vurdere framtidig klimasårbarheit. I *Vestlandsforskning-rapport nr. 4/2008* blir det vist til klare regionale trendar med omsyn til nedbørsendring. Vestlandsforskning har utarbeidd fleire kommunale klima- og samfunnsscenario. Metrologisk Institutt utarbeidd i 2006 eit notat om påregnelege klimaendringar i Flora kommune. I tillegg er det utarbeidd klimascenarium for Kristiansund i Møre og Romsdal. Av notatet som er utarbeidd for Flora kommune går det fram at regionale klimamodellar for Vestlandet indikerar størst nedbørauke i haust og vintermånadene og ubetydleg auke om sommaren. I Klimascenariet for Kristiansund blir det vist til at gjennomsnittet for nedbørsframskrivinga som er basert på 8 ulike scenarium, viser at haustmånadene blir markert fuktigare. Samtidig blir det understreka at dei ulike scenaria gjev ulike resultat og at resultatet difor må fortolkast med forsiktighet.

Det er større usikkerheit ved scenarium for vindhastighet enn for klimaparameter som temperatur og nedbør, og ulike klimamodellar gjev ulike resultat. I *Vestlandsforskning-rapport nr. 4/2008* går det fram at enkelte scenarium viser ei auke i framtidig stormaktivitet, medan andre framskrivingar viser ein reduksjon av stormaktiviteten.

Kommunedelplan for Bulandet - Værlandet

Skipsfart	Fareleie passerar på alle sider av området. Temaet bør vurderast.
Spesiell fare for terror eller kriminalitet	Det blir ikkje opna for endra arealbruk ved navigasjonssjasjonen på Værlandet. Uaktuelt tema.
BEREDSKAPSTILTAK AV BETYDNING FOR AREALPLANLEGGINGA	Utrykingsstida er 12 – 15 minutt og området er vurdert til å ha god dekning. Uaktuelt tema.
Utrykingsstid brannvesen	Det er ikkje ambulanse innanfor området, men det er tilgjengeleg båt og helikopter, og området er vurdert til å ha god dekning. Uaktuelt tema.
Vasstrykksneser/sløkkekapasitet	Det er brannbil med frontpumpe, og området er vurdert til å ha god dekning. Uaktuelt tema.
SÅRBARE OBJEKT	
Natur	Planområdet grensar til sjø og det er registrert ei rekke naturkvalitetar i området. Tema blir belyst gjennom konsekvensutredninga. Uaktuelt tema.
Helse- og omsorgsinstitusjonar	Det er etablert skule, barnehagar og private omsorgsbustader. Plana endrar ikkje arealbruken, og er heller ikkje vurdert til å opne for ein arealbruk i dei tilgrensande områda som er vurdert til å endre sårbarheita. Uaktuelt tema.
Kulturminne	Sjøområda er klassifisert som eit marinarkologisk område. På Aiden er det registrert kulturminne. Temaet blir belyst i konsekvensutredninga. Uaktuelt tema.
Viktige offentlege bygg	Det er ikkje ført opp administrasjonsbygg og bygg med viktige offentlege funksjonar i området. Uaktuelt tema.
Trafikk-knutepunkt	For å komme til Bulandet og Værlandet er eit avhengig av ferje/båt. Ferjekaia på Værlandet er eit viktig lokalt trafikkknutepunkt. Temaet bør vurderast.
El-forsyning	Området er lokalisert i utkanten av kommunen med ei forsyningslinje frå land. Temaet bør vurderast.
Tunnel, bru	Ei rekke bruer bind saman øyvatret. Bruene er av varierende alder. Temaet bør vurderast.
Hovudnett, gass	Det er ikkje gassleidningar verken innanfor området eller i influensområdet. Uaktuelt tema.
Drikkevassforsyninga	Det er etablert fleire vasskjelder. Kjeldene er ikkje klausulerte. Temaet bør vurderast.
Avlaup	Det er ikkje etablert offentleg avlaupsanlegg innanfor området. Støre private avlaupsanlegg er ikkje etablert. Utslepp er i stor grad basert på enkeltutslepp. I plana er det føresetts utsleppsøyve før bygging. Uaktuelt tema.
Informasjons- og kommunikasjonstallasjonar	Det er etablert både sivile og militære anlegg. Tilgjengeleg informasjon om anlegga er avgrensa. Tilbakemeldinga frå forsvarsbygg er at dei må sjå nærmare på om det er ei aktuell problemstilling. Dette kjem dei med nærmare informasjon ved høyringa av plana. Truleg uaktuelt tema?

Figur 9.3: Tabellen klargjer dei vurderingane som er gjort gjennom silinga av hendingar, dvs. fareidentifikasjon.

9.5 Aktuelle hendingar

9.5.1 Stormflo

Høg vasstand kjem av ein kombinasjon av høg springflo (høgt astronomisk tidevatn) og høg stormflo (lavtrykk og pålandsvind). Ei oppstuing av sjø skjer etter pålandsvind.

I risiko- og sårbarheitsanalysa for Sogn og Fjordane går det fram at langs deler av norskekysten kan vasstanden auke med meir enn 1 meter. Kombinasjonen av stormflo og store bølger kan skape store utfordringar for bygningsmasse, hamnar/kaia, vegar og andre anlegg langs sjøkanten.

Bjerknessenteret har på oppdrag frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (dsb) utarbeidd ein rapport om havnivåstiging i Norske kystkommunar [26]. I Askvoll kommune er havnivåstiginga i år 2100 berekna til 71 cm og stormflo til 250 cm over NN1954 (kote null). I rapporten er det peikt på at det er usikkerheit knytt til estimata. Usikkerheita er nærmare omtalt i rapporten.

Gjennom føresegnene til kommunedelplana er det krav om at bygg skal plasserast på minimum kote + 2,6. Dette er tilstrekkeleg til at framtidige bygg i området og tiltak på eksisterande bygg er vurdert som **robust** overfor stormflo.

9.5.2 Sterk vind

Sterk vind er vanleg i Askvoll kommune. I *Risiko- og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane* går det fram at tal frå Metrologisk institutt syner at særleg kysten av fylket er utsett for sterk vind. Ved utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalysen for fylket blei det henta inn informasjon frå Kråkenes i Vågsøy kommune. Dataene viste at det blei registrert over 1200 dagar med 20 m/s, samt fleire målingar med godt over orkan styrke frå 1960 og fram til analysen blei utarbeidd.

I NS3491-4 [35] er det laga eit nasjonalt vindkart over den sokalla referansevinden. Med referansevinden er det meint 50-årsvind av 10 minutt middelvind, 10 meter over flatt og homogent terreng i ope landskap i lavare strøk utan høg vegetasjon. Utgangspunktet har vore måleseriar frå alle norske flyplassar, samt målingar frå fyrstasjonar.

Lavtrykk og dei sterke vindane har ein tendens til å ligge ute i havet, og difor fell referansevinden frå om lag 30 m/s ute på havet til 24 m/s på deler av indre Vestlandet. I Askvoll er kommuneverdien sett til 28 m/s. Ut frå lokaliseringa av planområdet må ein truleg legge til grunn ein referansevind innanfor området som ligg noko over referansevinden for kommunen.

Vindhastigheita på ein stad avheng ikkje berre av styrken på bakgrunnsfeltet, men og i høg grad av bl.a. overflatetype og terrengformer.

Gjennom arbeidet med vurdering av potensielle vindkraftlokalitetar utarbeidde Vestavind eit vindkart. Analysen var overordna. Den viser at det er dei høgste punkta i Bulandet, Melvær og den søraustre delen av Værlandet som truleg er mest eksponert for vind. Det er ikkje utarbeidd rapport til vindkartet. Ein manglar difor informasjon om kva som er lagt til grunn ved utarbeiding av vindkartet.

Det er samanheng mellom sterk vind og store bølger. I tillegg spelar strøkretinga og varigheita av vinden inn. Bølgjehøgde er ikkje vurdert.

Området er ut frå ovannemnde vurdert som **sårbart** for sterk vind.

9.5.3 Skog- og lyngbrann

Dei fleste brannane oppstår om våren og forsomnaren. Planterestar, småkvist og lyng tørkar fort opp og er lett tennbare i periodar med lite nedbør. Utviklinga av ein brann er avhenging av topografi, vind og andre stadlege forhold.

Statistikk frå dsb [30] for brannar i perioden 2000 – 2007 viser at om lag 45 prosent av brannane er menneskeskapte og skyldast påtenning eller bruk av open eld. Rundt 10 prosent er naturutløyste i form av lynnedslag, medan årsaka er ukjent for i underkant av 40 prosent. På Vestlandet viser data frå dsb at tidleg vår er den mest utsett perioden for skog- og lyngbrann.

Området består av ei rekkje øyar og holmar. På land er areala opne med fjell i dagen. Desse opne areala er omkransa av lyngområde, vatn, elvar og mindre områder med skog. Skogen har dei seinare åra vokse fram som følgje av naturleg atgroing og skjermplantinga.

Området femnar om dei ytterste øyane i kommunen. Desse øyane har høgare temperatur, mindre nedbør, større vindstyrke - enn lenger aust i kommunen. Det er

ikkje klare indikasjonar som peikar i retning av at klimaendringar vil endre sårbarheita i vesentleg grad, då ei endring av risikoen føreset høgare temperatur og periodar med tørke.

Utrykkingstida for brannvernet er kort. Manglande omkøyingsveggar kan medføre at ei samtidig hending på vegnettet kan sette brannberedskapen ut av spel. Kommunen har ikkje sløkkeavtale med andre kommunar.

Området er ut frå ovannemnde vurdert som **nøytralt** for skog- og lyngbrann.

9.5.4 Brann og eksplosjon

I følgje risiko- og sårbarheitsanalysen for Sogn og Fjordane er kommunane i fylket rimeleg godt rusta til å handtere oppgåvene sine. Kommunen vurderar området til å ha rimeleg god dekning.

Kommunedelplana er å sjå på som ei utviklingsplan, der det er opna for utbyggingsmoglegheiter innanfor byggeområde og LNF-område for spreidd utbygging. Formålet er å sikre/styrke busetnaden og legge til rette for næringsutvikling. Innanfor område prega av utbygging er det ei funksjonsblanding, der det ikkje er klare grenser mellom ulike formål. Umntaka er hamneanlegga og område med dei ”større” industriverksemdene, der det er rimeleg klare grenser mellom desse anlegga og anna arealbruk. Funksjonsblandinga er vidareført i kommunedelplana.

Det blir oppbevart bensin og diesel på areala til Nikøy AS og Værlandet Handel. På arealet til Værlandet båt blir det lagra diesel. Mengda acetone som blir oppbevart på arealet til Værlandet båt er svært avgrensa. Mengda diesel og bensin som blir lagra på dei ulike plassane varierar mellom 5 m³ og 15 m³. Bensinen og dieselene som blir oppbevart blir brukt som drivstoff til fritidsbåtar, bilar og landbruksmaskiner.

Vi har ikkje informasjon om mengda sprengstoff som blir lagra, men den er truleg avgrensa og knytt opp mot entreprenørdrift og steinbrotet.

Grunnen ved anlegg for oppbevaring av diesel og bensin kan vere forureina. Vi har ikkje kjennskap til at det er registrert forureina grunn ved dei ovannemnde anlegga.

På bakgrunn av ovannemnde er området vurdert som **nøytralt** i forhold til brann og eksplosjonsfare.

9.5.5 Kjemikalieutslepp og akutt forureining

Ammoniakk blir brukt på kjøleanlegget til Fiskeindustrien i Bulandet. Mengda ammoniakk varierar, men ligg på om lag 2.500 liter. Ammoniakk er ein giftig gass, som luktar salmiakk. Den er lettare enn luft og vil normalt følgje vindforholda i området. Gassen er dødeleg i relativt små konsentrasjonar. Ammoniakk blir transportert til anlegget med båt.

Det er utarbeidd forskrift om brannfarleg eller trykkrfarleg stoff. Denne forskrifta er under revisjon. Gjeldane forskrift stiller bl.a. krav til handtering av farleg stoff, konstruksjon av anlegg, produksjon, montering, bruk, vedlikehald og kontroll av anlegg. Eiter gjeldande forskrift har eigar av anlegget ansvar for å vurdere anlegget sin risiko. Det inneber at eigar skal identifisere dei ulykkeshendigane som kan inntreffe og konsekvensane dette kan ha for liv, helse, miljø og materielle verdiar. Det ligg ikkje føre noko risikovurdering.

Området er ut frå ovannemnde vurdert som **sårbart** for kjemikalieutslepp og akutt forureining.

9.5.6 Trafikfare

Fylkesveg 365 og dei kommunale vegane bind saman Bulandet og Værlandet. Ved utbygging av fylkesvegen blei det lagt til grunn standardklasse S1 (samleveg i område med spreidd busetnad). Vegen er for dei fleste vegstrekk byggd som einfeltsveg med dimensjonerande fart 50 km/t og 60 km/t. Den nye vegen har i forhold til trafikkmengda og funksjonen god standard. Utfordringa er den øvrige delen av vegsystemet (tilkomstvegane) som er smale med ein del vanskelege kurvar og dårleg sikt gjennom kurvane. Det er ikkje etablert fortau/gang- og sykkelveg langs vegane. Vegane blir difor nytta som både gangveg og bilveg.

I Nasjonal vegdatabank [55] er det for perioden frå 2000 til og med 2007 registrert ei ulykke med alvorleg skadd langs vegen inn i Hamna og ei trafikkulykke med lettare skade på vegen ut mot Fedøy. Det ligg ikkje inne informasjon om årsaka til ulykkene.

Området er ut frå ovannemnde vurdert som **nøytralt** i forhold til trafikfare.

9.5.7 Skipsfart

Store skipsulykker vil kunne inntreffe langs heile Norskekysten. Det blir registrert om lag 150 grunnstøytingar i Noreg kvart år. Av desse er det 10 til 15 hendingar kor det oppstår lekkasje frå båt med akutt forureining som resultat. Det Norske Veritas har på oppdrag frå Kystverket analysert risikoen for ulykker med tankskip i 2003 og 2015. Analysen bygde på bl.a. tilgjengeleg ulykkesstatistikk og vurderingar av trafikken, farelei og iverksette tiltak langs ulike delar av norskekysten. Estimaten for 2015 føreset at det ikkje blir gjennomført tiltak for sjøtryggleik og oljevernberedskap ut over nivået i 2004. Analysen viser at Vestlandet sør for Stadt er den delen av landet som har størst ulykkesrisiko.

Askvoll kommune er med i eit interkommunalt samarbeid i Sogn- og Sunnfjordregionen om felles beredskap. Denne interkommunale beredskapen er dimensjonert for å handtere mindre, akutte utslipp.

Innanfor planområdet er det lagt til rette for utbygging i strandlinja der det er etablert skipslei. I tillegg opnar plana for etablering av ei ny hamn ved Søre Gjørøy. Kva funksjon hamna skal ha er ikkje avklart.

Området er vurdert som **sårbart** for skipsfart.

9.5.8 Trafikknutepunkt

Ferjeleie i Værlandet er eit viktig trafikknutepunkt for kommunikasjon til fastlandet og kommunesenteret i Askvoll. I tillegg har ferjeleie funksjon som nørdhamn

Området er vurdert som **robust** som trafikknutepunkt.

9.5.9 El-forsyning

Det er etablert ei forsyningslinje frå fastlandet inn i og gjennom området. Forsyningslinja innanfor området består av delvis linje i grunnen/veganlegg og luftstrekk. Alderen på dei ulike delane av anlegget er varierende. Kapaleten er god, men ved nyetableringar og utviding av eksisterande verksemder må kapasiteten vurderast nærare. Den mest sårbare delen av nettet er forsyninga til området. Bakgrunnen er at området manglar alternativ linje (ringnett). Feil på

forsyningslinja utanfor området får verknader innanfor området. I tillegg er dei delane av nettet som består av luftlinjer utsett ved bl.a. sterk vind og torevær.

Det er aggregat i området, men kapasiteten er avgrensa og bruk av aggregatet føreset eit feilfritt nett innanfor området.

På bakgrunn av ovannemnde er området vurdert til å vere **sårbart** i forhold til elforsyning.

9.5.10 Bruer

Øyværteet er bunde saman av ei rekkje bruer. Dei nyaste bruene er frå 2003 då fylkesvegen mellom Bulandet og Værlandet blei etablert. Dei øvrige bruene er av varierende alder.

Vegstyresmaktene gjennomfører inspeksjonar av bruene og har spesielt merksemd om brua over Håkesud. Dei har planar om opprusting av denne brua.

I følge Statens vegvesen si vegliste som omfattar fylkesvegen og dei kommunale vegane varierar maks aksellast frå 8 til 10 tonn og maks tillate vogntogglengde varierar mellom 12,4 og 19,5 meter for ulike veglenker.

Bruene kan vere utsett for fleire hendingar som sterk vind, bruhavari og påkjørsel frå skip. Sterk vind utgjør truleg ikkje noko reell fare for brukonstruksjonane, men stenging kan vere naudsynt for å unngå skader på bilar og folk. Eit bruhavari kan få alvorlege konsekvensar for liv og helse dersom havariet skjer brått, og med trafikk på brua. Ei anna hending kan vere påkjørsel frå skip, men i følge Statens vegvesen toler brukonstruksjonane på den nye vegen mellom Bulandet og Værlandet til dels store påkjenningar og difor er masseskade grunna påkjørsle lite sannsynleg. Dessutan har dei nye bruene ei fri seglingshøgde som er i samsvar med krav frå Kystverket.

Det finst ikkje alternative omkøyingsvegar til dei ulike områda. Alternativ forbindelse mellom dei ulike områda er båt. Tilgienga med båt til dei ulike øyane er svært god.

På bakgrunn av ovannemnde er området vurdert til å vere **robust** i forhold til kommunikasjon ved hendingar med bruer.

9.5.11 Drikkevassforsyning

I Værlandet blir innbyggjarane og bedriftene forsynt med vatn frå fleire private vassverk/kjelder, medan det er etablert kommunalt vassverk i Bulandet. Vasskjeldene er ikkje klausulert.

I Værlandet blir i hovudsak Eidvatn, Duevaten og Gåsevaten nytta som vasskjelde. Nedslagsfeltet er i kommunedelplana foreslått bandlagt. Innanfor nedslagsfeltet er det ikkje opna for gjennomføring av framtidige/nye tiltak, men det er etablert bygg innanfor nedslagsfeltet. Utbyggingsområde og LNF-område for spreidd utbygging grensa til nedslagsfeltet, og det er ført opp bygg heilt inn til nedslagsfeltet. Vegen frå ferjekaia i Værlandet og ut til Bulandet går gjennom nedslagsfeltet. Vegen Drikkevasskjeldene er grunne og har hatt noko høgt fargetall.

I Bulandet blir innbyggjarane forsynt med vatn frå private kjelder og det kommunale vassverk med hovudmagasin på Langøyna og reservemagasin på Hillersøyna. Mellom Duevatn og magasinet på Langøyna er det etablert ein overføringsledning som fyller magasinet i periodar der vassilgangen i Bulandet er avgrensa. I tillegg er det ei kjelde på Gjørøy som tidlegare var knytt saman med magasinet på Langøyna. Leidningsnettlet frå kjelda er ikkje fjerna.

Vasskjeldene kan vere utsett for forureining ved t.d. trafikkulykker med tankbil og utslepp får bustader. Forsyningskapasiteten er rimeleg god.

På bakgrunn av ovannemnde er området vurdert til å vere **sårbart** forhold til drikkevassforsyning.

9.6 Konklusjon og tilråding

På bakgrunn av fareidentifikasjonen og sårbarheitsvurderinga er området eller deler av området vurdert til å vere nøytralt og sårbart i forhold til følgjande hendingar:

1. Sterk vind - sårbart
2. Skog- og lyngbrann - nøytralt
3. Brann og eksplosjon - nøytralt
4. Kjemikalieutslepp og akutt forureining – sårbart
5. Trafikkfare – nøytralt
6. Skipsfart – sårbart
7. El-forsyning – sårbart

8. Drikkevassforsyning – sårbart

Ut frå opplysningane som ligg føre er det avdekt at området kan vere nøytralt og sårbart for ovannemnde hendingar. Ovannemnde hendingar bør i naudsynt grad vurderast nærmare gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse ved utarbeiding av reguleringsplan, utbyggingsplan eller søknader om gjennomføring av tiltak. Samtidig må ein vere merksam på at plana har karakter av å vere ei utviklingsplan. Det er difor sannsynleg at òg andre hendingar kan vere aktuelle. Dette må nærmare vurderast ved utarbeiding og handsaming av gjennomføringsplanar for dei ulike områda. Dette heng saman med at ein ved utarbeiding av kommunedelplana ikkje har kjennskap til kva som blir etablert i dei ulike områda, samt at sårbarheita og risikoen for ulike hendingane vil vere avhenging av kor tiltakt blir lokalisert og utviklinga i dei tilgrensande områda.

REFERANSAR

Rapportar og planer

1. Askvoll kommune (1999). "Kommunedelplan for sjøområda".
2. Askvoll kommune (2004). "Kommunedelplan for idrett- og friluftsliv (2005 – 2008)".
3. Askvoll kommune (1995). "Hovudplan for vassforsyning".
4. Askvoll kommune (1998). "Hovudplan for avlaur".
5. Askvoll kommune (2002). "Framlegg til: Hovudplan for kommunale vegar i Askvoll kommune".
6. Askvoll kommune (1999). "Strategisk næringsplan for Askvoll kommune".
7. Sogn og Fjordane fylkeskommune (2005). "Fylkesplan (2005 – 2008) Vegen vidare for Sogn og Fjordane".
8. Sogn og Fjordane fylkeskommune (2000). "Fylkesdelplan for arealbruk".
9. Sogn og Fjordane fylkeskommune (2005). "Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet".
10. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2007). "Risiko- og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane".
11. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2006). "Bygder i Sogn og Fjordane – tilstandsanalyser 2005".
12. Statistisk Sentralbyrå (2008). "Div. statistikkområder ift. Helse og levekår".
13. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2005). "Bygder i Sogn og Fjordane – tilstandsanalyse 2005".
14. Miljøfagleg utredning AS (2006). "Kartlegging av kystblåsjerne i Askvoll og Solund kommune i 2006, med forslag til skjøtsel og forvaltning av artens leveområder".
15. Sogn og Fjordane distriktshøgskule (1990). "Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Askvoll kommune".

16. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (2005). "Nasjonalt referansesystem for landskap – beskrivelse av Noregs 45 landskapsregioner" (NIJOS rapport 10/2005).
17. Miljøverndepartementet (2008). "Ot. prp. nr. 32 (2007 – 2008) Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (Plan. Og bygningsloven) (plandelen)".
18. Miljøverndepartementet (2007). "St. meld. nr. 26 (2006 – 2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand".
19. Kommunaldepartementet (2006). "St. meld. nr. 21 (2005 – 2006) Hjartet for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken".
20. Miljøverndepartementet (2005). "St. meld. nr. 16 (2004 – 2005) Leve med kulturminner".
21. Miljøverndepartementet (2001). "St. meld. nr. 39 (2000 – 2001) Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet".
22. Miljøverndepartementet (2001). "St. meld. nr. 42 (2000 – 2001) Biologiske mangfold".
23. Heles og sosialdepartementet (2003). "Resept for et sunnere Norge. Folkehelsepolitikken".
24. Justis- og politidepartementet (2000). "NOU 2000:24 Et sårbart samfunn. Utfordringer for sikkerhets- og beredskapsarbeidet i samfunnet".
25. Justis- og politidepartementet (2002). "St. meld. nr. 17 (2001 – 2002) Samfunnsikkerhet – Veien til et mindre sårbart samfunn".
26. Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (2008). "Havnivåstigning – estimater av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner" (Rapport utarbeidd av Bjerknnessenteret).
27. Nordplan AS (2003). "Værlandet naturbrukshus".
28. Vestlandsforskning (2008). "Rapport nr 4/2008 Naturskade i kommunene".
29. Helle, T (1990), Sogn og Fjordane distriktshøgskule. "Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Askvoll kommune. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Rapport 14".
30. Justis- og politidepartementet (2008). "Skogbrannberedskap og handtering av den senere tids skogbranner i Norge".

Rettleiarar og retningslinjer

31. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane m.fl. (2003). "Strandsonerettleiar - Strandsona ein felles resurs".
32. Arbeids- og sosialdepartementet og Miljøverndepartementet (2004). "Regjeringens handlingsplan for økt tilgjenglighet for personer med nedsatt funksjonsevne" (T-1440).
33. Direktoratet for sikkerhet og beredskap (1994). "Veileder for kommunale risiko- og sårbarhetsanalyser".
34. Direktoratet for sikkerhet og beredskap m.fl. (2005). "Veileder. GIS i samfussikkerhet og arealplanlegging, Vestlands-prosjektet".
35. Standard Norge (2002). *Prosjektering av konstruksjoner. Dimensjonerende laster. Del 4: Vindlast*" (NS 3491-4:2002).
36. Standard Norge (2008). "Krav til risikoanalyser" (NS 5814:2008).
37. Direktoratet for sikkerhet og beredskap (2008). "Samfunnssikkerhet i arealplanleggingen. Kartlegging av risiko og sårbarhet".
38. Miljøverndepartementet (1995a). "Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen" (Rundskriv T-1/95).
39. Miljøverndepartementet (1993). "Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal og transportplanlegging" (Rundskriv T-5/93).
40. Miljøverndepartementet (2005). "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (Rundskriv T-1442).
41. Miljøverndepartementet (2006). "Forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningssloven. Veileder – versjon mai 2006".
42. Sosial- og helsedirektoratet (2003). "Veileder for miljørettet helsevern".
43. Statens Bygningstekniske etat og Husbanken (2004). "Bygg for alle. Temaveiledning om universell utforming av byggverk og uteområder".
44. Statens vegvesen (2006). "Konsekvensanalyser" (Håndbok 140).

Internettadresser

45. Statistisk sentralbyrå, statistikkbanken (<http://statbank.ssb.no/statistikkbanken>).
46. Statistisk sentralbyrå, hjulet (<http://ssb.no/hjulet>).
47. Direktoratet for naturforvaltning. (<http://dnweb5.dirnat.no/nbimmsyn>)
48. Fylkesatlas. (<http://fylkesatlas.no>)
49. Miljøstatus. (<http://miljostatus.no/sognogfjordane>)
50. Kystverket. (<http://kart.kystverket.no>)
51. Se Norge. (<http://www.senorge.no>)
52. mareano. (<http://www.mareano.no>)
53. Riskantikvaren – askeladden (<http://www.askeladden.ra.no>)
54. Metrologisk institutt (<http://met.no>)
55. Nasjonal vegdatabank (<http://svvgw.vegvesen.no>)
56. Bulandet Grendalag og Værlandet Vel (<http://www.bulandet-grendalag.org>)

Kontaktar

57. Per Jan Ryland, teknisk sjef
58. Kjersti Sande Tveit, arealplanleggar
59. Lene Gjelsvik, kulturkonsulent
60. Heidi Kjempenes, Bulandet Grendalag
61. Astri Thorsen Landøy, Værlandet Vel

KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET – VÆRLANDET PLANFØRESEGNER

Nr	Revisjon:	Dato
1		
2		

Handsaming	Politisk organ	Sak	Dato
1. gangs handsaming			
Offentleg ettersyn			
2. gangs handsaming			
Godkjenning			
Kunngjering			

Tekst i ramme er juridisk bindande. Øvrig tekst er retningslinjer.

1. Bygeområde

1.1 Reguleringsplan, if PBL § 20-4, 2 ledd, bokstav a

For område avsett til utbyggingsformål, kan arbeid og tiltak som nemnt i PBL § 93 første ledd bokstav a) (oppføring, tilbygg, påbygg, underbygging eller plassering av varig, mellombels eller transportabel bygning, bygningskonstruksjon eller anlegg), h) (deling av eigedom), i) (vesentleg terrenginngrep) og j) (anlegg av veg eller parkeringsplass) ikkje setjast i verk før området inngår i godkjent reguleringsplan, dersom anna ikkje er bestemt gjennom desse planføresegnene.

1.2 Bebyggelse, if PBL § 20-4, 2 ledd, bokstav b og e

Bebyggelse omfattar areal for bustad, naust/sjøhus, forretning, kontor, industri, lager, turisme, offentlege- og almennyttige formål, kommunaltekniske anlegg og friområde (idrettsanlegg og turveg).

1.2.1 Oppføring og utviding av bustad utan krav om reguleringsplan

I noverande byggeområde skal den samla bygningsmassen inkludert 2 biloppstillingsplassar ikkje overstige BRA = 400 m². Gesimshøgde og mønehøgde frå gjennomsnittleg planert terreng skal ikkje overstige høvesvis 6,0 meter og 8,0 meter. Taktekktet skal vere av materiale av ikkje-lyspefleterande overflate. Det skal vere avsett areal til 2 parkeringsplassar pr bustad/bueining.

1.2.2 Krav om lokalisering i område med krav om reguleringsplan

Bygg skal ikkje komme i konflikt med natur- og friluftsområde. Dei skal heller ikkje vanskeleggjere bruk av etablerte rekreasjonsområde. Minsteavstand til turveg/korridor og prioritert blåstjerneområde (stor verdi som vekststad) skal vere 15 meter. Innanfor funksjonell strandsone skal det haldast god horisontalavstand mellom tomtgrense og sjø. Kva som er god horisontal avstand må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Bygg skal plasserast minimum på kote +2,6 meter over NN1954 (kote null).

1.2.3 Krav om lokalisering i område utan krav om reguleringsplan

Bygg skal plasserast minimum på kote +2,6 meter over NN1954 (kote null).

1.2.4 Forbod mot oppføring av fritidsbygg

Innanfor byggeområde for bebyggelse er det ikkje tillate å føre opp fritidsbygg.

1.3 Reiselivsområde

Reiselivsområde er areal for reiseliv og fritidsbygg/einingar med tilhøyrande funksjonar.

1.4 Ervervsområde

Ervervsområde er areal for forretning, kontor, industri og lager med tilhøyrande funksjonar.

1.5 Rektjekjølgjeføresegner, if PBL § 20-4, 2. ledd bokstav b

Utbygging av byggetomt kan ikkje gjennomførast før det er etablert:

- Tekniske anlegg for vatn, avlaup, el/tele og renovasjon
- Adkomst og parkering som dekkjer behovet for byggetomta
- Gangsamband til nærfriluftsområde
- Naudsynt areal og anlegg for barn og unge

1.6 Fritidsbebyggelse, if PBL § 20-4, 2. ledd, bokstav b

Innanfor byggeområda for fritidsbygg kan det gjevast løyve til bygging og utviding av fritidsbygg.

1.6.1 Krav til lokalisering

Innanfor funksjonell strandsone skal det haldast god horisontalavstand mellom tomtgrense og sjø. Kva som er god horisontal avstand må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Bygg skal plasserast minimum på kote + 2,6 meter over NN1954 (kote

null).

1.6.2 Særskilte krav til utforming av bygg

Bygg skal ha god tilpassing til terreng og landskap. Takvinklar, form og materialbruk skal harmonisere med bygg i området og eksisterende situasjon.

Gesims og mønehøgda for hovudbygget rekna frå gjennomsnittleg planert terreng skal ikkje overstige høvesvis 3,8 meter og 5,5 meter. For anneks/sidebygg skal gesimshøgda og mønehøgda frå gjennomsnittleg planert terreng ikkje overskride høvesvis 3,2 meter og 4,5 meter. Taktekket skal vere av materiale av ikkje-lyspefleterande overflate. Det skal opparbeidast 2 parkeringsplassar pr fritidsbygg/fritidseining.

1.6.3 Utviding utan krav om reguleringsplan

Dersom eksisterande tomt med bygg ikkje er omfatta av reguleringsplan eller utbyggingsplan (bebyggelsesplan) skal den samla bygningsmassen inkludert 2 biloppstillingsplassar ikkje overstige 200 m^2 . På kvar tomt kan det der særlege høve ikkje talar mot, i tillegg til hovudbygget byggjast eit anneks (sidebygg som funksjonelt fungerer saman med hovudbygget) på inntil 30 m^2 bruksareal (NS3940). Vilkåret er at hovudbygget og anneksset dannar ei eining. Avstanden mellom hovudbygget og anneksset skal ikkje overstige 4 meter. Bygg skal plasserast minimum på kote +2,6 meter over NN1954 (kote null).

Kriterium for utforming av bygg i punkt 1.6.2 gjeld tilsvarande for utviding av eksisterande fritidsbygg.

2. Landbruks-, natur- og friluftsområde

2.1 Stadbanden næring, jf PBL § 20-4, 2. ledd, bokstav c

Det er ikkje tillate å føre opp bygg med mindre dei er knytt til stadbanden næring. Det same gjeld frådeling.

2.2 Område for spreidd bustad- og erverbebyggelse, jf PBL § 20-4, 2. ledd, bokstav b og c

Innanfor områda LNF-BE, kan det gjevast løyve til spreidd erverv gjennom bruksending av driftsbygg og sjøhus/naust, utviding/oppføring av bygg og etablering av tilhøyrande funksjonar/tiltak ved eksisterande verksemdar. I tillegg kan det gjevast løyve til bygging av framtidig og utviding av eksisterande bustadbygg.

2.2.1 Krav til omfang og lokalisering

Eksisterande driftsbygg og sjøhus/naust kan bruksendrast til bygg for erverv, dvs. hestesterande driftsbygg, akvakulturanlegg, utleiehytte/-leilegheit, lager, garasje, verkstad, foredling, butikk, service og kontor. Førsetnaden er at eksisterande bygg ligg på minimum kote +2,6 meter over NN1954 (kote null).

Ved utviding av noverande og utbygging av framtidige ervervstiltak skal det utarbeidast utbyggingsplan (bebyggelsesplan), jf PBL § 28-2.

Ved etablering av samtidig grupper på tre eller fleire bustader innanfor eit naturleg avgrensa område skal det utarbeidast utbyggingsplan (bebyggelsesplan), jf PBL § 28-2.

Bygg skal ikkje komme i konflikt med natur- og friluftsområde. Dei skal heller ikkje vanskeleggjere bruk av etablerte rekreasjonsområde. Minsteavstand til turveg/korridor og prioritert blåstjerneområde skal vere 15 meter. Innanfor funksjonell strandson skal det haldast god horisontalavstand mellom tomtegrense og sjø. Kva som er god horisontal avstand må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Alle bygg skal lokaliserast med ein minsteavstand på 100 meter til prioritert badeplass. Bygg skal plasserast på minimum kote +2,6 meter over NN1954 (kote null).

Maksimalt tal på nye bustader innanfor dei respektive områda:

LNF-BE1	Sandøyna	2 bustader
LNF-BE2	Gjelsa	7 bustader
LNF-BE3	Bumannsneset	2 bustader
LNF-BE4	Melværøet	5 bustader
LNF-BE5	Landøyna	5 bustader
LNF-BE6	Kalvøyna	5 bustader
LNF-BE7	Hamna (nord)	3 bustader
LNF-BE8	Nybø	5 bustader
LNF-BE9	Gjørøyna	3 bustader
LNF-BE10	Bjørnøyna	0 bustader

2.2.2 Særskilde krav til utforming av bygg

Nye bygg skal ha god tilpassing til terreng og landskap. Takvinklar, form og materialbruk skal harmonere med bygg i området og eksisterande situasjon.

Samla bygningsmasse på bustadtomt inkludert 2 biloppstillingsplassar skal ikkje overstige 400 m^2 . Gesimshøgda og mønehøgda frå gjennomsnittleg planert terreng skal ikkje overstige høvesvis 6,0 meter og 8,0 meter. Taktekket skal vere av materiale av ikkje-lyspefleterande overflate. Det skal opparbeidast 2

parkeringsplassar pr bustad/bueining.

2.2.3 Utviding utan krav om utbyggingsplan (bebyggelsesplan)

Kriterium for utforming av bustad i punkt 2.2.2 gjeld tilsvarande for utviding av eksisterande bustader innanfor områda LNF-BE.

3. Område for råstoffutvinning (M1 og M2)

3.1 Råstoffutvinning, if § 20-4, 2. leidd, bokstav a

Uttak av råstoff, eller fradeling til slike formål, i område for masseuttak/steinbrot, kan berre skje i samsvar med reguleringsplan.

4. Område for særskilt bruk eller vern av vassdrag (arealbruksuavhenging kategori)

4.1 Byggeforbod langs vassdrag, if PBL § 20-4, 2. leidd, bokstav f

For område langs vassdrag inn til 50 meter frå strandlinja målt i horisontalplan ved gjennomsnittleg flaumvassstand kan det ikkje gjennomførast bygge og anleggstiltak som er søknadspliktig etter PBL § 93 fyrste ledd bokstav a, i og j.

5. Planer

5.1 Planer som skal gjelde, if PBL § 20-6, 3. leidd

Reguleringsplanar og utbyggingsplanar (bebyggelsesplaner) som skal gjelde:

Regulerings-/utbyggingsplan for:	Sak	Vedteken
Båtmannskjer/Krabbeskjer	K 80/94	26.09.1994
Sørgarden bustadfelt	K 27/97	25.04.1997
Rånane	K 11/98	20.02.1998
Fv 365 Bulandet – Værlandet	K 35/01	20.04.2001
Nikøy, del av gnr 70, bnr 1	K 16/03	10.04.2003
Magnhildsenga	K 37/05	10.06.2005
Bulandet kyrkjegard	K 74/06	18.12.2006

RETNINGSLINER

Avkørsler og byggegrensar

Løype til avkørsler må gjevast av vegmynda.

Dersom ikkje anna følgjer av reguleringsplan eller utbyggingsplan (bebyggelsesplan) gjeld byggegrensa i veglova i forhold til offentleg veg.

Infrastruktur

All framtidig utbygging skal så langt som råd baserast på framføring av heilårs køyreveg, vatn, straumforsyning og godkjend avlaupsløysing. Vassforsyning og avlaup skal så langt som råd vere basert på fellesløysingar.

Universell utforming

Ved utarbeiding av reguleringsplan i område med publikumsretta funksjonar (privat og offentleg service), bør det utarbeidast ei analyse som syner korleis tilgjenge for dei mest vanlege funksjonshemma gruppene bør sikrast. Kommunen skal stimulere til universell utforming av alle publikumsretta bygg med tilhøyrande uteområde. Innanfor andre område bør ein unngå hinder som hemmar tilgjenge.

Energiforsyning

I område med tettare utbyggingsmønster skal kommunen legge til rette for vassboren varme til oppvarming i nye bygg. Dette skal sikre fleksibilitet for bruk av miljøvennlige energibærarar til oppvarming.

Utforming og plassering av bygningar

I byggeområde og LNF-område for spreidd utbygging skal det takast omsyn til byggeskikk m.o.t. tilpassing av nye tiltak til eksisterande bygningsmiljø (dvs. bygningane sin karakter, byggestil, materialval, plassering og vindauge, fargebruk, m.m.), terreng, landskap og vegetasjon. På bustadform som grensar til sjø kan det etablerast brygge, og dersom tilgjenge langs sjøen ikkje blir vanskeleggjort først opp sjøhus/naust.

Ved godkjenning av tiltak innanfor område for spreidd utbygging skal tiltak ikkje kome i konflikt med viktige natur- og friluftsområde. I det ligg det at kommunen skal verne om kvalitetar av nasjonal og regional verdi i forhold til:


- Biologisk mangfald, herunder naturtypar, vilt og raudlisteartar.
- Landskapsbildet, med vekt på det overordna landskapsbildet.
- Friluftsliv, herunder friluftsområde, stiar, løyper, jakt og fiske

- Kulturmiljø, herunder sjørelatert kulturmiljø, verdfullt kulturlandskap og viktige kulturminne (objekt)

Funksjonell strandsone

Den mest verdifulle/konfliktfylte strandlinja innanfor dei delvis utbygde områda. Funksjonelle strandsone er eit retningslinjeareal som er skjønsmessig fastsett ut frå ei vurdering av biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturmiljø.

Inngrep i den funksjonelle strandsonea bør ikkje vere større enn det som er naudsynt for bruken av tiltaket og utformast slik at dei verdiane som områda langs sjøen representerar for allmenta blir styrka.



Eksempel	Tilbygg	1 bustad/haust	≥ 3 bustader/haust
1 Byggeområde utanfor FS	Ja	Ja**	Ja**
2 Byggeområde i FS	Ja, krav om tilgang til sjøen	Ja, krav om tilgang til sjøen**	Ja, krav om tilgang til sjøen**
3 LNF-område for spreidd utbygging utanfor FS	Ja	Ja	Ja, krav om plan
4 LNF-område for spreidd utbygging i FS	Ja	Ja, krav om tilgang til sjøen	Ja, krav om plan og tilgang til sjøen
5 LNF-område i FS	Nei	Nei	Nei
6 LNF-område i FS	Nei	Nei	Nei

Påregnelig handsaming innanfor ulike formål for ei normal sak i område med lavt konfliktnivå.

FS = Funksjonell strandsone, LNF = Landbruks-, natur- og friluftsområde.

** = Krav om reguleringsplan i framtidig område.

Reiselivsområde og fordeling mellom næring og fritidsbygg/einingar

Fordelinga mellom næring og fritidsareal skal gå fram av godkjent reguleringsplan.

For å sikre at kommersielle "varme" senger ikkje blir selt ut som private hytter (fritidsbygg/fritidseiningar) skal alle nye område for utleigebygg/-einingar regulerast til turistanlegg i reguleringsplan. Område for private hytter/fritidseiningar skal regulerast som fritidsbebyggelse.

Kvalitetskrav til planar

Som grunnlag for å sikre kvalitet i planar skal det ligge føre ein planomtale som klagjer:

- Bakgrunn og formål med utviklingsprosjektet/tiltaket
- Forholdet til overordna planer
- Planinnhaldet
- Vesentlege verknader av planframlegget
- Risiko og sårbarheit